

SEGNER

FRAA SOGN II

VED

OLAV SANDE



BERGEN 1892
UTGJEVET AV MONS LITLERÉ
PRENTAD HJAA J. W. EIDE

Innhald:

	Side.
Hjaa henne besta	1
Nokre, som var illa ute	3
Jolesveinarne	9
Jolaskreidi paa Hovland	12
Gullkalven paa „Garen“	15
Svartesmeden og Bratten	17
Det er eitkvart litet, ho hev gjort deim til meins	26
Eit bytinga-baru	32
Styggemannen i beit.....	34
Trollet ved Gjeitsdalsfossen.....	36
Merkjesmennar	42
Klokkaren, som ikkje vilde verta prest	44
Bulokkar (med notar)	47
Jolaskreidi i Kvame	49
Hausasylvet	53
Skomakarnipa, kongslegjurna, tjuvasteinarne	59
Eit godt spikk	61
Kringlefylgjet og Krokafylgjet	62
Ei samtala	69
Elvi	78
Adle vaara kjyre	80
Silhaarkjaken miste joladrykkjen sin	81
Fehandlaren lokkar paa drifti si	83
Begga og Hauga-Ramn.....	84
Hermannen og finnakjeringi	86

	Side.
Til den unge gjenta (notar)	88
Alt — inkje (notar)	89
Huldra paa Sipplaa	92
Skulerneistarvisa	94
Vaaren	97
Svartedauden	99
Jostedalsrjupa	102
Jostedalskyrkja	105
Fram til og paa Faaberg	107
Ved solarfall paa Faaberg i Jostedalen	118
17de-mai-tankar	125
Ho besta fortel	126
Ein sumarkveld under Skagastølstindarne — etter skodde- vedr — (notar).....	140
Møy, som svikar (notar)	142
Jotunheimen (notar)	143
Borgunds-kyrkja (notar)	144
Uhyggie i fjellet	145
Magne Rjupheim, Egne Lidum og Turs i Lunden	147
Vaart liv	151
Syn det fram	152
Han Anders Ormberg og Blaafanten	154
Budeia til han Ola'	166
Ymist	167
Solskin og segner	177
Barnasullar	191
Sankt Olava-kjeldurna og sankt Olavs-gripet	193
Leirdalen. Thora Tunsberg	196
Borgny syng um barneheimen sin	198
Uff! detta va' tungt, da'!	201
Han Huldre-Paal	203
Huldrer og slikt nokot	206
Han, som miste haaret sitt	211
Korleides du kann faa vita, kven du skal faa	217
Ymist fraa Aardal og meir	220
I stormen (notar).....	230

	Side.
Bulokk	240
Fram	241
Gode raader	242
Guten og huldri	245
Eg sette meg pao huskalaog	252
Visurne hans Thorgrim	253
Røvaren og gjenta	257
Halllaups-spranget	260
Han Gjø-Per	262
Stridshamaren paa Vengjum	264
Røvarar og draapsmenner	267
Millum tru og tvil	272
Prestkona, som var jordamoder	275
Ein, som vart teken av jolareidi	278
Huldrbrudri	280
Lækjeraader	283
Paa Sognfjøra. Fuglesetfjorden	285
Ingleiv-steinarne	311
Dei underjordiske paa skurdaakren	312
Han Jon Sudrebø og trolli	314
Storeskrida	320
Han fekk sjaa, dei er til	322
Paa gjenteskulen	326
Ver sann!	328

fara aat!« jamrad gutungen. »Teg berre still, du, det vert ikkje bere av,« sa faren. Soleides med slufs og sprutting heldt det paa heila tidi utigjenum til dess dei kom utum Baardlog; daa fyrst heldt det upp, og paa slutten var dei god til aa slita seg ut i Osen seint um kvelden. »Kvat er det, som vantar dykk?« spurde eg, daa dei var vael komne inn i stova. Dei var so »antorerte« og so utmasad, at eg skynad, det var eitkvart. »Ja, eg ha no faret baade paa sjo og land, som dei segjer,« sa han Johans; »men aldri hev eg voret so illa ute som i kveld; eg er so glad, at eg er komen til folk, at du kann ikkje tru det.« sa'n. So laag dei der hjaa oss um natti, og dei for ikkje derifraa, fyrr det leid langt paa morgen. Detta hende, lenge etter me var gifte, og eg veit, det er tydeleg sant.«

»Det hev vel voret draugarne, som hev voret etter deim, veit eg,« sa eg.

»Ja, det kunde ikkje vera nokot annat. Dei er ikkje dei fyrste, som hev voret illa ute fyr deim,« sluttad han Gaute og var aalvorleg.

Me var komne til lands. Skuggarne breiddet seg lengr og lengr uppetter lid og fjell, medan linne, svalande vindguster strauk hit yver fjorden og neset og heldt liv og rørsla i dei nikkande blomar og straa.

Jolasveinarne.

Ivar dei kjem ifraa, sjaa det er 'kje godt aa vita.. I jolahelgi fer dei fraa hus til hus. Dei byrjar i Seli — paa stolarne, — so det ser nok ut til, dei kjem fraa hogderna, fraa heidar, berg og avdalar. Derifraa ber det heim med deim, ridande paa bukkar, staurar, soplar og mangt annat, som dei kann faa tak i, til gard og grend, i smidja, grisahus, eldhus, fjos, ledar, stabbur og bud, til dess dei hev berre stova att. Der hev dei 'kje lov aa koma, fyrr joli' er skoti inn. Dei lyt hugsa vael paa, at dei maa vera ferduge i alle hine husi, fyrr dei kjem der, mindr slepp dei 'kje inn, og det vil vera deim til stor vanheppa. I stova held dei so til uppe i *tarren*, det vil segja uppe i spikahjellen, eldr vedahjellen. Der sit dei og glytter ned til alle, som i huset er, og legg merke til alt, som vert fyrehavt. Paa *røykomnen* hadde dei eit lognt og godt tilhald, so det vart eit stort sakn fyr deim, at folk sluttad med honum. Ein laut vera so var, at ein ikkje i jolatidi slengde for myket uppa der; inkje maa ein uroa deim paa nokon maate, elles hemnar dei seg stygt.

Sume stader var folk fyrr so vare, at dei sette ei gild bytta med øl ut paa dyrrahella; daa skulde det ganga deim so heppelegt heila Aaret.

Trettande-aftan fer dei sin veg att, der dei kom ifraa. Og, er der daa att nokot paa jolatunna, so drikk dei upp kver dropen. Dei vert fulla litt hyrduge og kvike daa. So ber det ived med deim — ridande paa toma tunnur, anker, ølbaater, trøyser, tankarar, staup, kjengjur og alt, som laust er: soplar og skjeringar, staur og stengjer.

Daa er det rettugt faarlegt aa vera ute; for jolatrolli tek med seg alt, som framfyr deim kjem, folk og fe, stort og smaatt. Og det er 'kje tydt aa verta teken av jolaskreidi.

Ein stad tok dei med seg ei vaksi gjenta, som var so ulukkøleg aa vera ute det bilet, dei för fraa garden. Det var visst paa Havslo elder i Jostedalen. Ho laut fylgja med; men til all lukka fyr henne og til ulukka for trolli vart ho atthangande i ein høg staur etter — dosasprettar. Soleides fann dei henne om morgonen, men daa var ho mest ihel-frosi, stakkars krökja. I Bolstad-grendi i Lustr var der ogso ei gjenta, som vart teki av jolasveinarnæ; ho skulde utfyr dyrri so snøggjaste; med det same kom heila skreidi; so kneip dei henne, strauk med henne radt fram i Reinhovden, og der stullad dei daa saman i heila jolahelgi.

I *Fuglsætfjorden* var der eingang ein mann, som gjorde jolaskreidi ei pretta; det skal nok ikkje vera lenge sidan heldr, det. Han fekk vita seg til det,

stakkars mannen! Dei krov fyrst, at han jamt skulde vera med deim — heile aaret rundt; men so bad han, gret og tagg so lenge, at han slapp berre med aa fylgia med deim i joli. So visst so joli kom, laut standa ferdug aa fylgia med fraa gard til gard. han kann vita, at baade han og hans folk tykte, detta var følande leidt, han laut fara fraa deim og husahugnaden so i jolar tider. Men kvat skulde dei segja? Dei laut finna seg i lagnaden, so godt dei kunde.

Naar joli var ende, han var komen heimatt, og dei talad um, kven som hadde beste jolølet kring gardarne, so visste han det fyrr, han; han hadde sjølv baade sett og smakt det, han.

Dei skal nog ikkje vera vidare *væne*, desse jolasveinarne. Dei hev slik lang nos, at ho tek jolabrokaliningi, segjer han Andres i Bakken i Jostedalen. Og han veit det fulla, han.

Trollet ved Gjeitsdalsfossen.

Det er i Jostedalen, og det er ein sundag.*⁾ Han hev runnet upp med sol og sæla. Det skin kring alle bær og bakkar, og lauvskogen glitrar og glansar paa alla sidur. Dernede fer elvi tudnande hemigjenum, og ho gjer ein krok paa seg, naar ho kjem so langt ned som til prestgarden, skyt so um neset og gjeng beinare heimetter att. Nokre skoddedottar stryk seg uppetter paa vestra sida aat dalen; nokre er komne uppum nipa og løyner seg smaatt um senn vestum egg. — Der er preik kver sundag i Jostedalen; for Jostedals-presten hev ikke fleira kyrkjur enn den der i dalen. So er dei og preik idag. Folk tek det godslegt og openhjartugt der i dalen — som dei gjer i alle avsidesliggjande dalar og paa einbølte strender —; det er ikkje lenge, fyrr eg ved den venesæle mannen, han Andres i Bakken, — eg budde hjaa, — fer kjenningar. Me stend der paa prestatunet ein heil ring og rødar um ymist, so som det kann falla, veit du, — til dess presten gjeng i kyrkja.

Daa det lid ut paa kvelden, ei god stund fyre solarfall, gjeng eg ned paa bygdarvegen og ned til den

*⁾ I 1887.

vesle, véne krambudbygningen aat landhandlaren der i Sagarøyarne. Det kann vera trøysamt aa snakka med folk, og so kann det vel laga seg, me kann koma inn paa baade segner og annat.

Naar me hev godpratat ei liti rid inne paa »budi« — krambudi —, ber det ut paa vollen med oss. Der sit me daa ned paa vegakanten eldr ligg paa halvt nede i det tunne graset, medan blaabjøllurna, blaaknapparne (skabiosa) og kveldsveyurna stend og vaggar att og fram og nikkar uppetter og nedetter flaten. Der kjem fleire og fleire folk, som etter den vanlege helsingi, og »det ser ut til fint vedr no« mest utan at dei sjølv haar det, set seg ned i graset. Eg hev alt lagt merkje til, at jostedølerne er framifraa gode til aa fortelja sogur, — som me kom innpaa litt etter kvart. »Kva bok er det, du hev i lumma?« spyrr ein gamling. Det er boki mi »Fraa Sogn«. Eg tek henne fram og læs upp ein stubb. Det er vortet so kyrt og stilt, som det skulde vera i ei kyrkja, og, naar eg er ferdug og tek til aa frega etter, um ikkje *dei* og hev hørt nokot slikt, tek der two, tri til og segjer mest paa ei Tid: »Dæ va lika som — —.«

Ein nokot gammal og hæsmælt husmann er den, som vinn, og han byrjar daa um

Trollet ved Gjeitsdalsfossen.

Du ser denne fossen, som kløyver sig i two deiler derframme. Dei kallar honum Gjeitsdalsfossen, sidan han kjeni nedifraa Gjeitsdalen, den dalen, du ser deruppe. Du ser, der er ein støl med store

slaattegjerder. Ein ser so vent heim igjenum dalen, naar ein er der uppe. Den garden, du ser der trast heimanfyr elvi, nedanfyr fossen, kallast *Ytri*, og framanfyre ligg *Viki**). Desse gardarne høyrer til den grendi, me kollar *Kriken*. Der uppe ved Gjeitsdalsfossen budde i gamle dager eit stort, fælt troll med heile sitt bøle. Det gjorde mangei preta med folk, og diso var alle rædde det. So var det jolaftandagen, han gamle Eirik i *Viki***) skulde stad paa rjupeskyyttri. Han gjekk upp aa Vika-sida. Um han fekk rjupur eldr ei, det er der ingen, som hugsar no; men eg trur mest, det var ikkje svært manga. Han kom ned att paa *Ytri*-sida, og, sidan det no var i joli, laut han inn til *Ytris'en* og smaka jolølet. Han hadde jamt slikt godt øl; *Viken* var tyrst og trøytt, og han drakk godt. Daa det so leid utpaa, takkad *Viken* fyr seg og vilde ganga. Men *Ytris'en* trudde, det var best, han vart der um natti frametter, so kunde dei sitja so og moroa seg med drykk og godsnakk. Desutan so var han ikkje trygg fyr trollet, vissa i joli, daa al slik styggedom er ute og gjeng. Ja — *Ytris'en* skulde hava so mangfoldeg takk og æra. Men det var no baade spot og skam aa vera ifraa sitt eget folk midt i høgsta joli, naar han ikkje var lengr vekke; det var no 'kje stort annat enn elvi imillum. Og, raakad han trollet, skulde

*) Ein mann paa Ørnborg fortalte meg sidan, at *Ytri* er det same som Ytregarden; for han hev fyrr voret saman med *Viki*.

**) Far hans het Knut.

han vel greida det ifraa seg; »for han var ein fælt här'a' fant te kar, dinna *Viken*«. Fekk han so laana hesten aat *Ytris*-mannen; for han visste, det var 'kje spøk aa koma um elvi paa *den* tid. Som *Ytris'en* hadde sagt, so gjekk det; daa *Viken* var komen mest fram aat bruenden, saag han trollet midt paa brui; det var so vidt og høgt som eit stort lauvrauk. Med det same, han vart det var, la han fram byrsa millum hestøyrum og smikkad til og skaut; eg skulde 'kje tru, han var rædd. Han raamat fulla godt; for trollet flaknad sundt og rundlæ utfyr brui — nokot av det paa baae sidur, og han høyrde klafsen ned i elvi. Han skynad, kvat som til bar, og smeiste um det snøggaste, han fekk hesten til aa springa. Daa skrek det og gret og bar seg uppetter heila elvi og uppi hamrarne, radt upp til fossen: »Aa, no døydde han far! — Aa, no døydde han gamle godfar!«

Daa *Viken* kom til gards, klemde han hesten inn paa stallen, tok so bila si og hogg kross i hella utfyr stalldyrr, so gneistarne flaug um honum, sprang inn i stova det skjottaste, han kunde; men daa kom vedakosten etter hontum radt inn i dyrr; for dei var 'kje langt vekke, trolli daa, kann du skyna. So sette han seg i haagsætet, ladde byrsa og la henne paa bordet, læste upp kraaskapet og treiv fram bibelen. Daa kom der inn eit stort troll; ja det var so stort og fælt, at det la armarne upp aa biten og spente i dyrrstokken, men ikkje torde *Viken* gjera *det* nokot, og ikkje *det honum*, og der stod det heilla natti. I dagningi tok det til aa léda paa

seg, geivlad og bles uti den lange tryta, trugad følt med allskyns ulukkja, fyrdi han Eirik hadde drepet »han gamle godfar«; daa fyrt strauk det.

Daa grannarne, som budde framanfyre, um jolamorgenon kom og vilde til kyrkje, heldt Viken paa aa kasta ut att veden or dyrra, og so laut dei til aa hjelpa honum.

Den byrsa, han brukad, daa han skaut trollet paa Ytris-brui, kallade dei *Slobikkja*, og ho er *til* den dag, idag er, hjaa ein av slektingarne hans, som heiter Hans Eiriksson Fossøyarne.«

»Fælt, kor mangt og myket folk hev lotat strida med fyrr — baade med troll og huldrer,« segjer eg aalvorlegt — —.

»Ja, det hev hendt so mangt. Ho gamle Siri Ytri*) miste ein dag ei kyr, og so stod ho og gret fyr det. Det var uppa stølen. Daa kom der inni selet til henne slik ei rar, blaadroplutt kyr med ei massing-mjølkabytta paa kvert horn. Ho slo til henne paa nosi og vilde jaga henne vekk. Men daa saag ho two gjentur frami bakken. Dei lokkad og sa: »Aa, kom attr, du, Gullsivla mi! ho hev 'kje vit til ta deg, ho, tyla.« Og so smatt kyri innatt i Rognahaugen framanfyr selet. Dei hadde vel teket kyri hennar Siri, dei, og so vilde dei gjevet henne denna att i staden.

Detta er no 'kje lygn heldr, det; for det er 'kje meir enn eit par manns aldrar sidan.«

*) = *Sigrid*; i Luster og Jostedalen segjer dei *Siri*.

— — I det same Hermund er ferdug med desse segnerna, kjem der ein flokk skytterlags-karar, som skal framum aa skjota paa skiva. Det vert ikkje fleire stubbar den gangen. Den uppmærksame hopen reiser seg og spreidast; eg takkar fyr den gode stundi, me hev havt saman, segjer farvel til menner og kvinnfolk og giv meg ilag med skyttarne. Me stiller oss upp, og under sang og samtalé gjeng det framigjenum, til dess me frami oldrskogen kjem til ei grind. Der gjer me haldt! Eg segjer farvel og ynskjer, at dei alle alltid maa skjota beint og midt i blinken!

Smaafuglarne hev roat seg paa greinerna, — inkje eit læte. Berre Gjeitsdalsfossen dyn litt, jamt og linnt.

Soli er sigi ned attum det høge fjellet. Vestra sida av dalen ligg sveipt i skugge, medan dei siste straalarne endaa gyller dei austre nipurna og det fagre *Myrhornet* og stryk deim paa panna til eit kjærlegt og langt godnatt.

Merkjesmenner.

Ja, so er det eit slags troll, dei kallar *merkjesmenner* eller *merkjestrøll*. Det er slike, det, som hev stolet um merket, og som gjeng *attr*, slike, som hev flutt merkesteinar og stolet til seg paa *den maaten*. Naar dei kjem gangande, gjeng dei først til det merket, der dei hev stolet; daa er dei som ei onnor menneskja paa skap; men, naar dei fær nedatt, gjeng dei etter det rette, *gamle* merket, daa er dei glodande fra øvst til nedst og ber ei logande *torva* paa hoydet.*). Her i Jostedalen er der svært mange av desse attergangararne. I Fossagilet er der eit, som er so stort som eit litet lauvrauk. Det sit der i gilet og skriv upp alle, som fer der, framum eldr nedum. Det stuper seg paa elvi; det ber nedetter med det, og daa *skrik* det skräemelegt. — Eit er der ved Stikke-kloppi; men *det* gjer ikkje myket vondt; det berre *viser* seg fyr folk, som gjeng der. Det ser ut som eit kvinnfolk og hev lang rumpa.

*) Eg hev mest ikkje hørt tale um merkjesmenner andre stader i Sogn enn i *Jostedalen*, *Lustr* og *Havstø*. Sume stader i landet kallast dei *deildargastar*

Diso kallast det *Langrumpa*. So er der eit i *Gardsmerket* — millom Sperla og Gar'en. Det er eit fælt troll, det, hev ymis utsjaanad og storleik: stundom er det fugl og flyg, so det braskar med vengjerna. Naar det spring, dyv det i marki. Det rin stundom som ein gris, sa han Helge-Lars. I *Kleivarne* — paa *Bjørk* — er der ogso eit slikt troll. Ein ser ein kvit *hest*, som der sit ein mann paa med ein høgkolla'hatt. — Frami *Grovøyarnie* er der ogso eit stygt troll; det rid paa ein gul hest so fort, at det gneistar um høverne; so ber det av i lause lufti med det. Men det frami *Djupeholia* i *Flatjordi* er vel det undarlegaste; der ligg ein mann under ein *skinnfeld* med ein *kniv* i neven; han Lars saag det soleides; forresten hev det mangslags skapnad. Han Jakob i M...haugen, som hev sett og ser so mangt, han saag det eingang; det var so stort, at det rakk med brjostet yver alle tretoppar.

Kveatrollet held seg frami *Kvearne*. Det er so vondskapsfullt, at det er 'kje med maate; — det er *det*, som sette illt paa alle *beisti* hans *Hans*; han miste alle kyrna sine; det vart vitelegt baade vidt og breidt, det, som ventande var.

»Ja — først var her no 'kje annat enn *troll* her i dalen, — so, etter svartedau'en, samlad her seg ei mengd med *røvarar* og fantar fraa alle kantar, — ja so kann du venta, kvat slags folk her vart,« seger han Andres. »Og det er 'kje mange stader, her er trygt her i dalen,« legg han til og godsmiler.

hankalaust hivande;
 sopande, samlande,
 med steinarne ramlande, —
 full til haage tram,
 veltande seg fram,
 vert so traa og tam.
 Gardarne nedum
 gjeng ho spak og krum;
 er 'kje lenger ung,
 gjeng der tregg og tung
 gjenum baade lidi og moen,
 blandast med straumen i sjoen —.

Adla vaora kjyre.

Adla vaora kjyre dai gaor uti leito,
 nær so ho Heimpru og ho Haimaljo;
 dei bit i bondens beito; —
 Kjyndelskodla, Skogros,
 Leikros og Bleikros,
 Fefru, Liljegrein,
 Rupa, Troppros,
 Salbu, Blomstr
 og Syrian*).

(Fraa Lustr.)

*) Uksen.

Silhaarkjaken misste jola-drykken sin.

Ein mann fra *Nigard* i Jostedalen hadde voret heime i dalen til kyrkje. Han hadde hest med seg, so han reid. Vegen laag ikkje daa, som han no gjer; no ligg han nedpaa svadhaugen nedanfyre; men daa laag han midt igjenum *Var(g)bergsholet*. Rett som mannen kom ridande frami »Haale«, kom der ein mann utor haugen ginande. Han hadde ei blank sylvkanna i handi og spurde, um Nigardsmannen vilde smaka jolølet hans; for han hadde bryggjat til jol, han og, sa han. Mannen tok imot kanna; men han var rædd, det var 'kje reint *rett* med detta drikka, han fekk; so letst han seg so, at han drakk; men med det same, han la kanna attaat *kjeften**) skvette han det yver oksli paa seg og attum hesten. Der kom ein drope nedpaa dovi, og det var so sterkt, at haari gjekk 'tav, so langt det naadde. Han slog til hesten,

*) Jostedølerne segjer mest aldri *munnen*, men *kjeften*, anten det so er um folk eldr te: „Turka ungen um *kjeften*, Kari.“

reid det skjottaste, han kunne, og tok med seg kanna. Haugamannen sette etter og var ofta radt atti føterne paa hesten. Daa var der ein uppi hamaren, som ropad, at han skulde rida paa byggaakr det snøggaste, han vann; dei underjordiske hev 'kje magt med nokon daa. Han so gjorde, og det var nett sovidt, han vann burtpaa aakren, utan dei fekk klo i honum. Daa var det ein, som skratlelog og bannad uppi haugen: »Jo, pine deg, myste no *Silhaarkjakan* joladrykken sin løll!« *) — Daa Mannen fraa Nigard snudde seg og saag attum seg, saag han eit heilt fløkje, som hadde voret etter honum; men no laut dei ganga sin veg med si lange nos, der dei kom ifraa.

*) I Sogndal og lengr ute segjer dei *lell* (open e), i Aurland *løll* (attleten ø), i Lærdal, Aardal o. fl. st.: *loll* (open ø) og i Jostedalen *løll*.

Fehandlaren lokkar paa drifti si.

Søta sudla mi, du,
du æ mori mi, du, —
du æ dokka mi, du,
du æ mori mi, du.
Du æ meir elde go;
du mjølka kannedn two.
Aldri spenne du ne, —
du mjølka kannedn tre.

Vil du vera mæ me'
te aa jaga dei ne;
eg ska læra deg te
te aa handla pao fe,
vil du vera mæ' me'
te aa jaga dei ne
ne te *Maristuga* e'.

Til budeia:

Søta sudla mi dao, —
kasta gryta uppi krao,
legg so tomme koppen pao,
lat 'kje husbonden sjao,
kormykje mjolk me faor
i vi(d)jarosi vaor.
Søta mi, sudla mi, sudla mi dao.

Begga og Hauga-Ramn.

IKrundalen — i Jostedalen — er der ein gard, som heiter Helgegarden. Der budde fyr ei tid sidan ei kjerring, som het *Begga**). Det var ei, som hadde vit til aa grava til seg av alle slag og vart diso fagnadslegt rik; og det var no vel ikkje so myket aa undrast paa heldr; for ho var trollkjering; det var 'kje two meininger um det. Ho skydde ingen ting, og i kjekl og ufred laag ho med grannarne sine stødt, vissa med ein, som budde paa Haugen. Han het *Ramn*, og so kallad dei honum jamt Hauga-Ramn. Han ogso kunde trolle, naar han berre vilde ut med det.

Alltid vilde ho bufora fyre hine, so hennar beist kunde beita selbøen, fyrr dei andre kom. Detta gjekk ei stund, og ingen torde meinka henne. So tykte Ramn'en, detta gjekk væl vidt; det laut verta ein ende paa det. Diso strauk *han* og med sine beist, naar ho væl var komi framigjenum. Detta

saag ho og vart gnellande sinnad. Naar Ramn kom eit stykke til, saag han ein kvit kjeppe, som laag midt i vegen. Han skynad trast, kven som hadde lagt honum der, og kvat *det* skulde tyda. Let han so ein kidling ganga yver staven; han vilde sjaa, um det vilde ganga, som han tenkte. Jau, der datt kidlingen stokk stein-daud ned. Og soleides hadde det gjenget heile buskapen, hadde ikkje Ramn voret so god, som han var; han gjorde nokre teikn yver kjeppen, tok honum upp, og so før dei utan vidare mein. Daa dei var komne paa stølen, spurde Ramn henne Begga, um dei skulde halda paa lengr aa øydeleggja fyr einannan og gjera synd, eldr dei skulde halda upp. Ho kunne nog ikkje gjera honum meir vondt enn *han* henne; det kunne ho vera trygg paa, dersom han *vilde*, og, vilde han, skulde han syna henne det, som ho aldri hadde sett fyrr. Ja, so vart ho rædd og baud til, at, vilde han, so skulde ho og slutta, og so vart det. Sidan levde baade dei tvau og dei andre der i grendi fritt og fredlegt, segjer dei.

*) Begga er antan eit avbrigde av Bergljot eldr er det tyske Begga, som tyder den stingande eldr hoggande.

Hermannen og finnakjerringi.

I 1814 og aari derfyre vart vaare hermenner sende baade ein stad og hinn etter grendsa og skulde gjæta paa svensk'en; han hev jamt viljat voret for langfingra' mot oss. Soleides vart millum andre ein jostedøl*) send upp til *Vargøyhus*. Rimelegvis fleire jostedøler ogso. »Han var gjift og hadde kone og bonn att heime,« fortel han Andres. Det leid til jol, og han lengtad sterkt heimatt. Verst var det jolaftan; daa var han reint tunghjartad. Han budde hjaa ei finnakjering; ho skynad, han ikkje var rett i lag og spurde, kvat det var, som vantad honum. »Aajau,« sa han, »eg hev kone og bonn heime, og det er ikkje godt aa vite, korleis dei staar seg — det er hardt aa vere vekke no i jola.« — »Kannhenda du hev hug aa vita, korleides dei lever?« spurde kjerringi. Han hadde fulla det, — men det var vel ikkje raad til det. Jau, det skulde *ho* greida; men det maatte ingen koma burti

*) Av deim, som „laag ute“ i 1814, var til dømes Hallvard Garden, Per Myrahaugen — „Bendik-Per“ —, Gilje-Andres, Olav Kriken, Klaus i Kroken o. fl.

henne, medan ho var vekke. So lagde ho seg ned paa golvet og var nokot underleg av seg. Der laag ho ei stund; daa ho reiste seg, hadde ho voret heime i Jostedalen, fortalte ho. »Det stend godt til,« sa ho, »dei sit just no og et til kvelds. Vil du kje tru?« Jau, det gjorde han. Men til stadfesting paa, at ho sa sant, kom ho fram med ein slagkniv, — fallekniv —, som ho hadde teket med seg, og gav honum. Han kjende godt att kniven; han hadde govet kona si honum, trast fyrr han før.*)

Daa dei endeleg var slopne fri, og han var heimattkommen, kom dei ein dag til aa snakka saman, han og kona, um denne jolaftan, um at ho hadde mist kniven sin. »Der kom ei fluga**) og sette seg paa braudet; eg vilde jaga henne vekk med kniven, og det var det siste, eg saag honum, endaa eg leitad baade vidt og breidt,« sa ho. So kom han fram med kniven og fortalte altsaman, korleides det var.

*) Petter Dass segjer i *Nordlands trumpet*: „Og est du paa denne nærværende dag / begjærlig at vide, hvad handel og sag / paa de og de steder sig hænde / i fremmed' fraliggende pladser og ort, / jeg kjender de finner, det baver kundgjort / og kunde det give tilkjende. / Han kaster sig flad oppaa jorden udstrakt / og falder slet ben i besvimels — afmagt, / for uden al rørende aande. Men naar han til livet opkvignes igjen, / fortæller han, hvor han vidt-værendes hen / har vanket i fremmede lande. / Og paa at hans ord kan forsikres med ja, / da fører han seendes *pant* derifra, / som den eller den haver eiet.“

**) Dei trur, at finnarne kann setja gand paa folk („ganda“), og at ganden er store, svarta flugur, som dei hev i ei øskja.

Jostedalsrjupa.

Mange av dei rikaste og gjævaste ætterna her i Sogn drog upp i Jostedalen og vilde paa den maaten sleppa svartedauden. Der busette dei seg, byggde hus og rudde gardar. Men dei hadde gjort den avtalen med folk nede ved fjordarne, at dei inkje maatte lydast fram til deim paa nokon maate, fyrr farangen var ende. Vilde nokon skriva til deim, maatte dei leggja brevi sine under ein viss stein. Den steinen hev dei sidan kallat *Brevsteinen*. Under honum kunde dei ogso henta brev, dei, som livde att nede ved sjoen. Han ligg tett attmed vegen fraa Jostedalen til Lustr, paa eigedomen aat garden Ormbergstødden, ei stund fyrr ein kjem upp aa riset, naar ein vil fara til Lustr um Vigdalen. Det er i grunnen two steinar, som kvelver saman og gjer ein hellar, som ein kann smetta igjenum; men dei ser mest ut som ein. Dei kallast ogso *Styrksteinen*, og det kjem seg av di, at dei, som fer der um, kviler, et og styrkjer seg der.

Kor umtenkte og vare dei enn var, kom svárte-dauden ogso til Jostedalen, og der skurad han so

paa, at alle rauk til so nær som ei liti gjenta. Dei fortel so ymist: Sume segjer, at der til grannesokni i Gudbrandsdalen kom sjølvstelles sjau bølingar med sine bjøllekyrer. Ingen kom og leitad etter deim, men der var sume, som trudde, dei laut høyra til i Jostedalen; gjorde dei det, laut det visst standa galet til. Før so nokre hit yver fjellet og vilde røyna, korleides tilstandet var. Andre segjer, at der vart sende folk fram fraa grannebygderna i Sogn og skulde sjaa etter, korleides alt stod til, daa der ikkje vart lagde fleire brev under steinen.

Husi stod tome, og mange av dei avlédne var ikkje gravlagde.

Detta var vel um hausten. Dei før gjenum heile dalen; men dei saag ikkje røyk fraa ei einaste stova og faun ikkje eit einaste liv.

Naar dei kom fram i Mjelves-dalen, saag dei i nysnjoen far etter ei menneskja; dei fylgde det, og paa garden Bjørkahaug saag dei ei liti gjenta. Med det same, ho vart deim var, la ho til sprangs inni bjørkaskogen; men dei var god til aa taka henne. Dei spurde henne um ymist; men inkje skynad ho *deim* og inkje dei *henne*, so nær som nokre ord: »Mor — vetle rjupa«. Dei fortel, at, daa moderi hennar døydde, sette ho mat att paa bordet, smatt vesle gjenta inni ei fjødraseng og stakk mat ned i hel, so ho i all fall ikkje skulde *svelta* i hel. Daa dei fann henne, var der vokset fast fjødr paa henne.

Mennerne tok gjenta med seg heim, og ho vart ei skikkeleg og bra gjenta. Nokre fortel, at ho sidan

vart gift og budde paa Bjørkahaug, der ho sidan vart verande til sin døyande dag; men fleire segjer, at ho busette seg paa Runnøy i enden av Gaupnefjorden, der jostedølerne køyrer til sjøss. Dei kallad henne Justedalsrjupa etter det, moderi hennar hadde sagt, naar ho stakk henne ned i fjødrasengi. Og hennar slekt, som vart gjæv og megtug, kallad dei rjupeslekti. Den slekti skulde hava det til mark framfyr andre, at ho hadde »fuglahold«, det vil segja store, opne sveittehol i holdet og hudi etter den duni, som var byrjat veksa paa henne.

Sume hev fortalt, at ho vart gift med ein storkar ifraa Danemark, og at ho flutte derned med honum.*)

*) Eit bilæte paa, korleides det gjekk med det norske folket etter svartedauden:

Jostedalskyrkja.

Etter svartedauden (1349) laag Jostedalen aude i eit par aahrundrad, og aakr og eng laag att vaksne med skog. Vise til, kvar kyrkje der i dalen hadde stadet, funst ikkje. Det fortelst, at dei, som fyrst busette seg i dalen etter svartedauden, var folk fraa *Nordfjord*, mest *brotsmenn* og *røvarar*, som der i dalen fekk liva i tryggd, vekke fraa log og dom. Den fyrste garden, som vart bygd att, var *Faaberg*, den fremste garden i dalen. Dinæst 8 gardar, som laag, der ein stor del av *Nigardsbreden* no ligg, *Nigarden* og endeleg *Ormberg*, næstan heimst i dalen.

Daa folketalet var vokset att, tok dei til aa byggja kyrkja. Det var paa ein stad, heiter Øvre-garden, eit stykke framanfyr, der ho no stend. Dei hadde krøkt svillarne og hadde bygt eit umfar. Men um morgonen, dei kom att, fann dei ikkje byggja si att. Dei leitad alle stader der i nærleiken, og so fann dei svillarne att eit stykke fraa elvi, lengre heime — i ei heggjarust. So skynad dei, det var der, kyrkja skulde standa; dei hogg, reiv og rudde.

Daa var det ein, som hogg øksi si ned i moldi; det sang og klang; han hogg til att two vendur og grov mosen og moldi vekk; daa fann han ei *kyrkjeklokka*. Der hadde altso den gamle kyrkja, fyre svarte-dauden, stadet, og no først skynad folk til gagns, kvifyr byggja var flutt.*⁾ Der, dei først var byrjade aa byggja, kallar dei endaa *Kyrkjesteinen*. Denne kyrkjeklokka saag ikkje ut som andre klokkur; for ho var myket djupare, og slik *klang* skulde der vera i henne, at det var myket, endaa det alltid synter etter dei tri tunge hoggi, ho hadde fengset. Eingang vilde dei flytja henne til Lustr. Folk nede ved sjokanten tykte vel, ho var for god fyr dølerne. Dei kom til *Brevsteinen* med henne, men daa vart ho so *tung*, at dei ikkje vann aa rikka henne lengr. So skynad dei, det ikkje var rett aa flytja henne fraa Jostedalen, og dei hadde fulla ikkje stort bal med aa faa henne framatt.^{**)} Sidan vart ho verande der i Jostedals-kyrkja til 1856, daa ho sprang sund nyaars-aftan, dei ringde det nye Aaret inn.

*) Det same segjer dei um fleire kyrkjur i Sogn, til dømes *Fjærlands-kyrkja*, som dei tok til aa byggja paa Bøyum; men ho laut nog standa i *Mundal* til slutt. Likaeins med *Aardals-kyrkja*, som dei vilde byggja uppatt i Vikadalen, der dei fortel skal haya stadet kyrkja i forne tid.

**) Det same fortel dei um den gilde, klaart-tonande kyrkjeklokka paa Kyrkjebo. Dei vilde ført henne til Bergen, fekk henne ut paa kyrkjebakken, men dei fekk henne ikkje derifraa, endaa dei sette 12 hestar fyre henne.

Fram til og paa Faaberg.

Fet er ein maandag — den tredie august 1881. Det hev voret mange og lange graae og tunge regndager; alt hev voret seigt og langsamt fyr folket, som balar med slaatten. Berre endr og einkver ferdamannen hev i sumar vaagat seg fram i Jostedalen — denne verdi fyr seg sjølv; og, hev dei berre voret so langt, at dei — i all denne tyngsla — hev sétt som gjenum skodd og sky ein grand av *Nigardsbreden*, so hev dei snutt att og faret so fort, som um alle trollheimens vonde magter hev voret etter deim. — Idag er det avbrøyte; — endeleg. Det er solskin; det er løysing og letta. Skyerna, som fyrr idag hev svemt uppyver dalen i mange molar med ymist fint skap, er signe vekk, ei etter hi; fint fôr dei. Det bar visst vestetter med deim. Kor langt dei etlad seg, er det ikkje visst aa vita, og det kann visst vera det same ogso; men etter eit slikt regnvedr yuskjer me av hjartans grunn, at det maa verta lenge, fyrr me ser deim att — endaa dei var so vænt gullkantade, der dei fôr sigande.

Det er gildt aa høyra segner, ja det er koselegt,

um det er midt paa sumaren, naar ein sif inne, og regnet siler nedetter glasruterna, — naar folk lyt sitja og inkje før koma ut og taka korkje i ljaa, riva eldr tog; men det kann raaka, det er endaa gildare aa koma ut og lauga seg i soli, so sveitten renn nedetter baade rygg og nos, vissa som det idag er fyr meg, som baade hev hug til aa sjaa fremste deilen av dalen og kaanhenda med det same kann faa lokka segner og annat utor folk. Det lider sterkt til klokka 11. Eg er komen fraa Bakken ned paa bygdarvegen — utan skreppa, men med regnkaapa med lummurna fulle stappade av maalbøker, som eg kann slumpa til aa faa selja, um lukka er sér um lag god. Ellest kjem eg vel til aa *giva* deim vekk; *det* plar vera det vissaste, det.

Sjaa der kjem ein frami vegon; han legg seg litt fram i selen og gjeng jamnt. Det er visst ein ferdaman, som er komen yver breden. Jau — det er. Me helsast. Det er ingen nordmann; ingen engelsk-mann heldr. Ein tyskar. Eg ser etter honum. Men kvat er det, som heng der bak? — Aa det er ingenting; det er berre ein lang snipp av — skjorta, som hev funnet paa aa koma ut gjenum eit litet hol paa broki og heng der og moroar seg — flaksar i soli, utan at »herren« sjølv veit det.

Kvat er det, fyren hev paa ryggen? Det ser ut, som naar fantakjerringarne ber ungen paa ryggen etter bond og fatlur; men i grunnen er det berre ein raud, samansnyrpad vadsekk. Dei hev so ymist skap, dei, som ferdast, at det ikkje er godt aa vita,

korkje kvat som *skal* vera eldr *inkje* skal vera, so der kannhenda finst folk, som trur, at detta med sekken og skjortespællen er *mote*; men det er det visst inkje, i all fall ikkje paa ein »herre«; hadde det vist seg paa ei dama, var det 'kje godt aa vita endaa. Sjaa berre til dømes detta hitaskapet, dei hev bak — — enn um det kunde verta *spall* paa slutten! Det kann henda det utrulegste, veit me — allvisst, naar det gjeld motarne og damurna.

Men avstad framigjenum. Der burte til høgre hev eg *Krikagrendi*: Bjørk, Yttri, Viki m. fl. gardar og der er ein fager foss uppe: Det er *Geitsdalsfossen*, som kjem fraa Geitsdal og fell i two greiner. Det er den største og venaste fossen i Jostedalen. Det kunde ved nokot arbeid lata seg gjera aa faa honum til aa renna utfyre paa *ein* stad; daa vart han gildare endaa. Der ligg véne stølar og store høygjerder der uppi dalen.

Jostedølerne fortel, at det var der, fraa ein stad, som dei kallar Luarsyni (eldr Luarhaug) at »Ly ut, ly ut, laavemann« yart lu'at.

Der uppe paa sydre sida av denne sidedalen stend *Myrhornet*, ein topp, som ser so frit, trint og myket fager ut, naar ein ser honum her frame ifraa vegen midt fyr Espe. Paa vinstre sida hev eg skogalider og ein jamn, sterkt, lang fjellrygg. So er eg komen til Krundalsbrui; elvi gjeng sprutande og fossande: Aldri ei menneskja møter eg; inkje ei huldr heldr, endaa eg alt er komen fram igjenom bjørka- og fureskogen, lyngen og tuvurna. Kvi

kann 'kje eg raaka frampaa nokot sodant piskri lika so væl som so mange andre? Eg trudde, dei vilde pirast paa meg, som skriv so myket um deim og aldri er god til aa lata deim faa fred.

Der skal nog vera *kjerrereg* der framigjenum skogen, men det er lange stykki berre hurklutte og hallande svad, so ein fær nog skaka seg der, vil ein køyra. Eg er framum skogakanten komen; her lyt eg leggja meg ned i lyugen og svala meg. Aa du store — — aa kor det smakar, turka sveitten av halsen, skallen, nosi og haaret og lata halvt atter augo og drøyma: — der — der — upp og ned, stiltt — ingenting, ingi huldr, — berre eit litet blaatt fivrelid, som spelar seg fraa den eine lyngduska til hi.

Eg fær framigjenum traskande — fram paa bru. Der hev eg til vinstre heile *Nigardsbreden*, so tung og megtug, som han er, ligggjande i bugar som ein halvannan S ned og heimetter den rumellege sidedalen. Flata heimetter ser myrk og svart ut, mest plent som det berre skulde voret ei liti tid, sidan breden laag so langt heimetter — næstan som eg tenkjer meg Nildalen nede i det gamle Ægyptens land etter yverfløyningi — i Hans majestæt kong Farao sine dagar og no med. Der skal ha leget 8 gardar der frame fyr halvtannat hundrad aar sidan, segjer dei, men dei vart øydelagde av breden, som ein gang skreid so hardt fram. Heimst, paa nördre sida, ligge der no ein gard, som heiter *Nigarden*; det er det same som den niende garden, segjer jostedølerne, — den, som stod att, daa dei aatta

rauk til. Men namnet kjem vel snøggare av »ned i garden« — so som andre stader, der det finst gardar, som hev same namnet.

Trøytt og tyrst er eg og gjeng diso inn paa nærmeste garden og vil faa mig drikka — eg veit, dei hev nog av mysa paa kver gard framigjenum.

Daa eg kjem inn, ligg der ei ung gjenta — fyr meg aa sjaa — paa kneum framfyr ei vogga og giv suga. Ho ser ut til vera so paa lag 16—17 aar. So, so! Dei maa vera tidleg paa 'an her i Jostedalen. Um eg kann faa kaupa meg drikka? Ho fær orsaka. Ja — men ho hev 'kje annat enn mysa. Det greidar seg svært godt, svarar eg. Og eg drikk fulla av hjartat.

Eg giv meg tid, og me kjem i godt prat. Daa skynnar eg, ho er kona i huset — ho denne unge granne teinen so bleik som eit folna' blad — ei snild og god kona ser ho ut til aa vera.

Sidan fær eg høyra, at det er aalment, at jostedølerne gifter seg svært tidleg, fyrrfyrr dei er tjugeaar — til skade fyr helsa, skal lækjaren deira ha sagt.

Eg raakar sidan paa nokre karar, som gjeng og tek inn turrhøy i ei utløda; eg fær av deim vita, at baade stasjonsmannen og klokkaren er heime. Det er deim, eg vil faa segner og annat hjaa, og dei er strakst viljuge. Dei hev høyrt, eg er paa segnferd og ventar meg.

Det ber inn i stasjonsstova med mannen sjølv og meg. Snakket er trast i full gang.

So fortel han um ein røvar, som het

Staale,

og um fleire draapsmennar. Kvar han rett høyrd heime skal eg inkje segja so visst. Sunne segjer, han før so fraa ein stad til hinn her kring dalane og ranad og røvad utan nokon viss bustad, og sume segjer, han budde paa Faaberg. Men det var ei skræmeleg stygg menneskja. Inkje kvidde han seg aa drepa folk. Han drap eingang ei liti smaaagjenta; han trudde, ho skulde hava noko' myket pengar paa seg; just hadde ho 'kje meir enn 12 skjeling. Daa sa han det daa lell, at, hadde han vitat, ho inkje hadde *meir*, hadde han ikkje vyrdt henne. *Skot* beit der inkje paa honum Staale; for han bar jamt *sjan mannahjarto* paa seg.

So var det eingang, han kom yver fjellet fraa Gudbrandsdalen hit til Jostedalen. Daa hadde han fenget stolet og ranat til seg ei stor mengd med pengar og two sylvkannur. Detta vilde han daa gøyma fram i *Storeldalen*, fyrr han kom til folk. Det var fram ei skogalid, dei kallar Breidlid. Han la det ned under nokre steinar i ei urd der. So han skulde vera rett trygg paa, at ingen skulde finna det, la han det ned med slike trollkunstrer, at dei, som skulde vera karar aa taka det, fekk ikkje korkje snakka eldr sputta eldr snyta seg, fraa dei for heiman, til dei hadde fenget fat i det. Og inkje fekk dei vera rædde korkje *steingang* eldr *vaapn* eldr *varme*. Heldr ikkje nyttad det aa prøva andre sinne enn

jolanatt eldr jonsvokenatt. Den, som fyrst hadde prøvt ein gang, og det daa gjekk vanheppelegt, han maatte inkje bry seg oftare. Detta opendagad han paa det siste. Han vart drepen trast etter deune turen. Detta gjekk soleides til:

Um kvelden i myrkret vart mannen paa Nedre Faaberg var, at det gjekk ein kar inni stabbunnt hans og vilde stela. Han saag, kven det var — kjende honum væl. Faabergen fatad ei stor bila og smatt uppunder stabburststøle.*⁾ Med det same, Staale skulde ganga utatt og steig nedpaa troppi, smurde mannen til føterne hans og hogg den eine tvert av, so Staale rauk liggjande. Han skynad nog, det vart enden med seg; daa sa han: »Naar eplet er moget, dett det.« Daa var det, som sagt, han fortalte um pengagrénnet. Og rettso han det hadde gjort, fekk han det, som vantad seg.

Denne Mannen paa Nedre Faaberg hadde fortalt denna soga til fleire folk. So var det daa ei jonsvoke-aftan, ein mann fraa Nigard kom fram til Faaberg og vilde endeleg, dei skulde prøve aa ta' skatten. Faabergsmannen var lenge traa paa det, han; for han meinte det, at hinn ikkje var so stød i natturi, at han kunde *tegja*, og daa var det uraad fyr honum aa taka det ein *annan* gang. Men Nigardsmannen gav seg ikkje, og hinn laut verta med.

Ja, so drog dei um kvelden, tok kver sin jarnstaur mèd seg og luskad seg upp etter nokre haugar,

*⁾ Jostedølerne segjer *tole* = téle.

som heiter Sjursstøls-holtarne. Der sette dei seg. For dei hadde syne derifraa op til den skogalidi, som skattei laag i. Beint uppyver, der dei sat, er der eit bratt fjell, og, daa dei hadde setet der litet vетta, tok det til gjekk *stein* uppi nosi, so skræmlelegt, at dei tykte, som heile fjellet runde og rullad nedyver deim. Mannen ifraa Nigard vart avanderaedd og sat og rengde augo burtpaa hinn, korleides han daa skulde bera seg aat; men Faabergen sat stød og stiv, aldri lédkad paa seg eingang. Daa det hadde haldet paa so ei god stund, vart det slutt med *det*. Men daa tok *elvarne* til og vaks so færdeleg upp, at dei tykte, det var, som det flaut i vatn alt frami — høgt og laagt, heimanfyre og framanfyre. Nigard'en vart rædd att og glorte paa hinn; men han sat so stød, at han aldri lédad paa ein fingr.

Rettsom ikkje *detta* heldr kunde skräma deim, tok det til aa *brenna* alle stader um kring deim, so dei tykte, som heile dalen stod i ein glodande loge. Daa var han so rædd, Nigard'en, at det var so nær, han skulde ha skriket beint uppyver seg; men Faabergen berre riste paa hovudet aat honum og sät so stiv som ein stabbe. Rettsom det hadde haldet paa so ei stund, sluttad ogso det att. Daa saag dei, det brann ein eld frami Breidlid. Jau, daa skynad dei, at der laag pengagrénnet. Kararne steig upp og drog dit. Naar dei kom uppi rusti, der denne elden var, saag dei, det brann upp aa ei stor hella. Dei skynad baae, at det var denna hella,

han Staale hadde velt attyver pengagrénnet. Sette dei til med jarnbroti sine, til aa lyfta og brjota alt det, dei vann, og, daa dei hadde fengt lyft henne nokot, fekk dei sjaa, der stod 2 svære, store sylvkannur, fulle med berre sylvpengar. Og ikkje berre *det*; men der laag ein diger dunge *attum* deim og. Du, aa du! — Men daa haadde ikkje mannen fraa Nigard'en seg bere, enn han sa: »Aa, Gu' gje, me maatte faa ditta, so skulde me daa løys' ut heile Jøstedalen daa løll!« I det same slog det seg i saman att i eit heilt berg altsaman fyr deim. Daa vart Faaberg'en rasande sint, som venta var. Men kvat skulde han gjera med honum! Daa vart det 'kje nokot annat aa gjera enn aa rasla heimatt. Sidan hev nog ingen feistat aa faa fat i pengagrénnet hans Staale meir, so det ligg nog frami Breidlid den dag idag.

Her skulde nog vera *mange* røvarar fyrr i tidi. Ein vart drepen paa Øvre-Faaberg. Det var um sumaren. Alle folk var framme paa stödlen og slo. Daa det leid uti vika, laut mannen heim aa tynna ljaa. Han vann ikkje paa aa fara framatt um kvelden, og inkje torde han leggja seg i stova; men der var ei løda, som der stod ei seng i, og der la han seg. Ja, best han hadde leget der ei stund, uroleg, og stirt mot dyrri, vart han var ein, som keik inn. Røvaren trudde, at mannensov, gjekk ute ei stund og gav seg tid. Mannen smeit seg fint ov'um sengi. Um ei stund kom illgjerdsmannen

innatt med eit sverd i handi, lurde seg radt framum sengi og hogg til i den tanken, at han skulde raamat mannen; men, fyrr røvaren fekk tid til aa retta seg uppatt, hogg mannen til honum med ei bila, som han hadde voret so var og teket med seg i sengi. Han hogg snaudt av hovudet paa røvaren, so blodspruten stod burti veggen, og der hev han synt til nyst. Mannen la' til sprangs framigjenum til folki sine; for han var rædd, der kunde vera fleire røvarar; men han sprang so fort, at han inkje hadde en helse dag sidan. Sidan gjekk han til presten og melde det. Presten sa', det var best, dei grov ransmannen ned ein stad der uppe paa Faaberg. Det gjorde mannen, og det var utanfyr ein stad, som kallast Vintrahamiaren, utanfyre Bruvolls-elvi.

Det var two mennar paa Faaberg, som just inkje var gode grannar. Dei laag og trætte og slost mest jamt. Han, som budde paa Øvre-Faaberg, kom ein-gang sint og galen ned til mannen paa Nedre-Faaberg. Fyrst skjentest dei; so baud Øvre-Faaberg'n hinn det, som verre var; rømde so han framigjenum; hinn rende etter, tildess dei kom frampaa ein stad, som heiter Bitsmoen; der barst det saman med deim; dei slost skræmelegt og hitad einannan, so det munad. Enden vart, at Nedre-Faaberg'en drap hinn. Der vart han gravlagd; gravi syner endaa; ein kann køyra ein jarnstaur langt nedi henne.

Eit stykke nedum der, midt under ein husmannsplass, som heiter Horpen, er der nokre steinar, dei

kallar Instebøsteinarne. Der skulde fyr ei tid sidan ein mann ljota kjrupa uppunder fyr røvarar, som var etter honum. Han torde ikkje koma undan meir og svalt spént ihel der; der ligg ymse bein der endaa, til dømes eit akslabein.*)

Heimansyre *Vetlestglen* er der ein flat, dei kallar *Kjempeflaten*. Der er der *ogso* ei grav; det var ein, som vart drepen der *ogso*, fortel dei.

Forteljaren hadde 'kje tid meir den gangen; han vilde paa bjørnaskyttri; — det var nokre dagar, so hadde dei *ogso* lov aa skjota *rein*. Han lagad sjølv mat og drykk paa bordet aat meg; me sagde farvæl, og han kom 'kje heimatt dei two, tri dagarne, eg var der paa garden.

*) Eg hev sjølv sett det der; eg vilde sjaa, um det er sant, fekk ein gutunge med meg; han smatt innunder og kom trekkjande fram med det.

Bokskr.

Ved solarfall paa Faaberg i Jostedalen.

(Ei snøggsyn).

Eg er underlag til mods, daa eg hev høyrt desse
føle røvar- og draapssegnerna, og maa tenkja
med meg sjølv: *O, tempora, o, moris!*^{*)}

Det er ved solarfall.

Eg gjeng framanfyre nyestova og set meg paa
vegakanten nedanfyr fjosen.

Det tek meg so underlegt i saali. Kor fager
sumarkvelden er! Ei snøggsyn utsyver altsaman
rundt i kring. Det er so lenge, sidan her hev
voret nokre radt fine solskinsdagar; det er, som
altsaman vil halda soli att, ho stend paa hall
der heime yver berget. Høyet vil hava sol, kornet
ogso, det stend her nedum føterne mine og nik-
kar og giddar og yppar seg, liksom strekkjer seg
og segjer: Takk, kjære sol! det er slikt me treng,
skal me verta mogne. Og du veit, du, likasovæl soni
me, at utan deg er der inkje liv og lyst, inkje
mogning i nokon maate. Tusund takk skal du
hava, du livsens velsignade kjelda og upphav! Du

*) Aa fyr tider, aa fyr sédar!

sol, skin ogso paa potetlauvet, det stend her og
breidar seg so vidt og vænt ut, reidugt til aa bløma,
vil so gjerna syna fram alt sitt liv, berre du ikkje
sig for fort ned.

Desse flugeflokkarne der, som frygdar seg —
let seg liksom hissa upp og ned, dansar av hjartans
lugnad — renner etter kverandre — alt av
gleda og gaman. Heimetter! Der i vest yver
Krundalen og midt yver Røykjadalen dessa brede-
klørna aat storbreeden, som strekkjer seg fram og
liksom skire sylv-grandar sig ned og strekkjer seg
ned igjenum dypti.

Der under ein føl svart skugge, som ser ut
som ein stor svart rise med lang trut. Der er
fleire slike underlege »skapelser«, og der under ligg
Røykjadalen.

Nærare ligg Haugafjellet, ein lang, skarp og svart
fjellrygg; hitarste sida skuggeklædd, so nær som
ein grøn hovde, som soli endaa inkje hev slept.
Lengr nord paa denne fjellryggen ein stor snjoflek-
k, som ser ut som ein drake, kvat fyr ein
det er — men Niddhogg er det inkje; for han torer
ikkje vaaga seg fram ein slik kveld som denne, daa
der er lyst fred i alle og alt — og yver alle.

Men snøggare, skal eg ikkje missa det alt-
samman. Soli er alt komi nær attaatt detta kol-
luttet berget, som kallast *Lidokslí*. Det ser alt-
formykhet ut til, at ho vil gøyma seg attum det; eg
prøver sjaa paa henne og vil segja godnatt, fyrr ho
fer, men ho er endaa for sterk fyr augo. Sjaa der-

nede skin ho endaa gjenum furetopparne og all lauvskogen og nedetter elvi — den kvite skavlande elvi med sandgrandarne og holmarne med bjørkakjerr og oldrkjerr paa. Dei er som baatar med lauvsegl paa; dei gjeng som det fossar um deim — alltid mot straumen, gjeng og — kjem inkje av staden. Paa den eine sit der liksom tri mann, strævar og ror — faafengt. Men snøggare, fyrr soli sig nedum kollen! Der er endaa nokot, som glytter hitum; nei — der — der — der seig ho.

Eg sit i skugge. So daudt her; kvar vart det av det altsaman? Men synet uppatt — mot vest — stogga! sagte! Grøne skogen — bjørkallidi, graae urder under hamrarne, blaasvarte svad med graakvite blik imillum. Lengr upp! Snjofenner, smaae bitar, runde, kantutte, kvasse som sylar. Ei ser ut som eit drykkjehorn med føter under; framanfyre det ein (snjo-) foss, som er mest avknippen paa midten; — der er ei kanna med fint hald paa, lengr uppe ein sitjande hare. Set still, du, »räddhare«; inkje uroa deg; sit der med den eine bakfoten burti Storefonnbreden. Lengr fram — mot nord, i same breden! Der er ein berr flekk — ei kruna. Og so? Tjukke kanten av sjølve Jostedalsbreden, skitflekkutt i broti, litt blaakvit i det nedste, jann paa ryggen, tunnast fremst, som ein spor, ein kvalsrygg. Fire smaaelvar — sylvbordur sig krokutte nedetter det blaae, inkje myket bratte, hurklutte berget. — Lengr mot nord!

Snjoflekkjer, som hev skilt seg ut fraa den store moderi, — samankrokne. Eit hestahovud, som heng mest utfyre hamaren. Der ei klubba attmed eit manna-auga. Der er der ein *L* — og der ein *S*. Kvæ tyder det? Hev »majestæten« voret der ~~osso~~ med sitt *loco sigilli* — d. e. istadenfyr seglet —? Nei daa — inkje so høgt, han. Kvæ tyder det daa? Jau, Lyse, Sol! Lat os smeltast, me vil ned og heimigjenum dalen, vera med i heimsens laup — gjera godt. Der er alt ein nedigjenum komen, liksom krullar seg og bugtar seg, vil utfyre. Der er ein annan styrknad — ser mest ut som ein fisk med stort hovud. Endaa lenger mot nord: det skraanar nedetter mot *Bjønnstigfjellet* paa austre sida. Svarte, sleipe svad, bergtofsur, som er slegne, stutt oldrskog nede, eit skredalaup uppatter. Men upp atter: soltromen ligg tvertyver og frametter *Hamrenosi*, — taggar og knausar. Fyr meg ser det ut, som um lødetaket ligg burtpaa der.

Meir: Eg flytjer meg, gjeng fraa tunet og uppatter. Legg meg med brjostet ned paa ein nyst uppsett mur. Der er eit nytt kringsyn. Sjaa der! Fort! Paa vinstre sida — mot nord — sting ein staur-ende paa skraa uppatter runnarne og kjørri, mest radt upp i soli. Der uppe grøna skorer og snaude knollar. Der viinn soli skina nedetter two graae rabbar paa *Dyrekunnen*. Ein traust liten koll, det der; det tykkjer visst soli ogg, etterdi ho enno held seg der og frametter *Johans-eggi*, endaa so skurvutt denne egg i seg sjølv.

Svarte fjellet nede, grøne bøter strekkjer seg uppetter; men det svarte vinn. Smaae, myrke hellerar. Men, du; legg der ikkje two smaae snjoflekkjer der og! Det er sovidt, dei torer syna seg. — Soli skin endaa paa fremste Johansegg, som der ser ut som eit øskjelok nedetter. Det blenker so vent.

Men lenger mot aust: Der eit fint, bøygt skard, sol paa ei sida — skugge paa hi. Den, som var der! Der renn det ein foss utfyre: *Bymannsfossen*. Kvar vert det av honum? Jau fyr meg aa sjaa, renn han beint ned — skorsteinspipa paa denne husmannsstova her — paa Øvtestubben — paa lag 100 meter framfyr meg. Er det diso, two gjentungar kjem ut, ei liti og ei stor —? Der stend dei paa dyrrasteinen. Kjem ikkje fossen og ut etter deim? Vent! Nei.

Stova: torvtak i ein ende, spontak i hin — utan bordklædnad. Ein potetaaker tett attmed; — ei høyhes upp og ned.

Tilfjells att! Der er *Véttelynnna*, rund, — under under, kvitflekkjutt fjellvegg uppetter. Der blinkjer soli endaa, lint, smilande. So eit rundt skard. *Fagrdalen* ligg der framigjenum. Mot sud-aust: uppetter og hitetter: *Biskehynna* — ei traust hydna den der. der held Soli seg; men ho er for veik til aa breda hénne lell. Solrondi ligg skraatt hityver. Der under — slegne flekkjer, lange, graae under; fagre bjørkalider. Nedetter: der er eit djupt hakk i himmelsyni — ein skogakamb lengr nede.

Mot sud: paa skraatt uppetter mot *Kramefjellet*. Soli skin deruppe endaa: tunt — bleikt; ein — two, tri — fire — femseks snjoflekkjer hittum fjelltromen og nedi hallet, — grønt uppetter fjellsida og lenger nede.

Lengr mot sud: ein jann, svart, lang trom, som der ligg ei rolig, lang snjofonn utetter; nedunder: ei onnor, som ser ut som ein klave, — lenger nede i gjelet: ei lang fonn, som strekkjer seg stiftt uppetter. Under soltromen nede i lidi ein foss, som breidar seg utsyver. Elvi renn skumkvit nedigjenum, men sågte, mildt. Uppatt i høgdi: betner, grøne flekkjer, urder, snjoflekkjer; lengr uppe: ei fonn, som ser ut som ein skavl; ei snjofonn til, ho ser mest ut som ei løva med rumpa til vedrs, — fleire fanner. Paa *Middagsdynna* ligg smaae snjoflekker nedetter blaae fjellsida. Lengr nede skogholur og rabbar.

Eg er komen rundt.

Soli skin endaa deruppe — tunt og bleikt; det er so yver all maate vent og gripande, ein sæl fred — barnafred.

Men, du — er der ikkje komme nokre skymolar! Ei liti — og ei stor sky uppyver henne, — stor? ikkje større enn neven min.

Langsamit, langsamt — lengr mot vest, uppyver Krundalen att. Skyer, graasvarte i sydre enden, gullkantade i den nordre — ei liti og ei stor, ei stor og ei liti, — nokre smaae, tunne, ei lang og tjukk i den nordre enden framryver breden. Sjaa der — der — der!

Ingi sol.

Skugge; — skugge, — berre skugge.

Stillt, svevnstillt.

Men imorgon — ?

Kjende aldri Staale og dei andre rans- og draapsmennene seg undarlege i saali paa ein slik kveld?

Men det var vel med deim som med so mange andre, um dei ikkje er so forherduge som dei: Dei hev augo aa sjaa med, men dei ser inkje. Tala i natturi bit ikkje paa deim. Dei er lika so kollutte som Lidnipi i regnvedr.

17de mai-tankar.

(1884.)

FTone: Den' gang vert eget land vi tog,
Eg tenkjer tidt paa denne dag,
Og daa soli spratt kring Noregs tindar;

der vaks eit liv or reiv og lindar; —
og isflak braadnad lag fyr lag.

Den skodd, som laag um land, ho sprengde
og inn i hus og heim seg trengde.

Det gamle Noregs hjartelag
vart opuat slik ein vaarfrisk dag.

Eg tenkjer meg i Eidsvolls hall
imillum folksens eigne korne.

Av *framtid-syner* var dei borne —
av harmen av vaart vanmagts-fall.

Daa att vart gamle Mjolne funnen —,
ein bygnad reist paa folkagrunnen.
Der fridde dei vaar ættararv,
so inkje meir me *laana* tarv.

Og enn me byggja paa den grunn,
som mandomsane fedrar lagde.

Me lenge sat og leid — og tagde.

No leysest hand fraa hand og munn!

Me *unge* Noregs døttrer, søner
vaart land med arbeid og med bøner
vil føra *fram*. Det synast skal
til heimsens siste solarfall.

Han Andres Ormberg og Blaafanten.

Ormberg heiter ein gard i Jostedalen. Sume segjer, han hev fenget namnet etter dei berги, som ligg uppyver honum, daa dei liksom bøygjer seg som ein orm — ligg som ein halvrunding. Vissa hev dei denne utsjaanaden, naar ein ser deim fraa vegen til (eldr fraa) Lustr. Vera kann det og, at garden hev fenget sitt namn etter all den orm, som vel hev voret der i fyrrre tider. Eldr: enn um der hev butt ein mann, som hev heitt Orm.

Det, som no er tri gardar, var fyrr ein. Der er no two mann paa sjølve Ormberg, og ein paa *Ormbergstolen*, lengr heime.

Store, knaalege (sterke) og urædde folk hev der stødt voret til dessar paa Ormberg.

Ein av desse Ormberg-kararne het Andres. Det namnet er i ætti enno.

Han var ein av deim, som laut til *Holstein* aa slaast med ryssen. »Holsteins-karar« kallar dei slike. Der synte han til gagns, kvat han dugde til. Daa ufreden var ende, hadde ryssen hug til aa prøva nordmennene, kvat dei dugde til. So vart Orm-

bergen av den høgste styresmannen i heren stellt fram mot den mest fullevla' kjempa, ryssen hadde.

Det vart eit heilt, knakande spenne; men endeleg vart Ormbergen yvermann.

Detta var ei manndaad og til stor vinning fyr Noreg, kann du vita, og han Andres vart høgt sedd paa av her-hovdingarne. Fraa den tid vart han kallat *Sterke-Ormbergen*.

Me laag under Danmark, me, i den tidi, og so vart det *det* landet, som reknad æra til seg jamt, naar normennene synte kjempestykki sine, baade i ufreden og elles.

Men jostodelerne visste væl, at Sterke-Ormbergen inkje var nokon blauthugad, »lille« danske. Han var ei drusteleg kjempa fraa Jostedalen i Sogn — i Noreg.

Fraa *Elvakroken* — langt framme i dalen — var der ogso ein i Holsteins-ufreden. Han var endaa sterkare, han, enn Ormbergen. Dei var gode vener, dei two, lell, og hadde mangt aa fortelja um Holsteins-turen.

Der var eit følt *troll* der paa Ormberg i dei dagar. Det budde paa hi sida aat elvi, ein stad, dei kallar Skjori; der er ein stødl der. Det fyrste, han Andres fekk vita um detta trollet, det var ein gang, han heldt paa og mol. Fossande med vatn var det, og det gjekk, so det durrad.

Men, best som det var, stod kvernī still.

Han undrad seg myket yver detta og gjekk stad og skulde skoda, kvat som var tids. Jau, daa

var kverni demd. Var det no 'kje onnor raad daa, han tok uppatt demma, og kverni gjekk, som vanlegt. Men um ei liti rid stod ho som pinne att, aldri rikkad seg.

Kvat skulde han gjera?

Gjekk han so utatt og nedum kvernahuuset^{*)} og vilde sjaa, um der var nokot i vegen der.

Jau, der var fulla det! Sat der ikkje eit troll og heldt fjødrerna, so vatnsspruten stod utsyver alle stader!

Visste han Andres seg ingi raad, kvat han skulde gjera.

Styggt og følt var trollet, so han torde 'kje gjera det nokot. Laut han so ganga heimatt og fekk ikkje mala den gangen.

Han hadde alltid hørt, der skulde bu eit troll burtanfyr elvi, og han skynad godt, det var *det*, som var ute med sine knip. Men det laut vel eingang verta trøyt av aa *halda*, og so ganga sin veg.

So vart han var, at det før larkande fraa kvernahuuset og nedaat elvi.

Det saag ut, som det kantad etter marki og var stundum rundt paa skap — det saag *soleides* ut den gongen.

Paa elvi bar det med det; det gav slik ein *slump*^{**)} med det same, det duskad til. Det maatte

*) I tri- og firstavingsord legg jostedølerne tyngdi paa tredie stavangi.

**) „Slomp“ segjer dei i Jostedalen og Hafslo, = slufs.

visst krjupa etter botnen; for, naar det kom upp att paa hi sida, gjekk det paa fjore føter som eit annat beist.

Og so umaateleg stort som det var med det same, det kvarv vekk! Han vitste ikkje so væl, kvar det hadde bustaden sin daa.

Naar han so var utatt til kverni, gjekk ho sin fulle gang, og glad var han, at trollet ikkje hadde brotet sundt nokot; han fekk mala den turka, han hadde med seg.

Det saag ikkje ut til, at trollet vilde verta skaplegt og halda upp med fantaknipi sine. Men so heldt heldr ikkje Ormbergen upp med aa mala, fyrdi um det før der og rak; mjøl laut han hava, skulde han livja seg og sine, sa'n. Men han tok ikkje fullt so myket korn med seg som fyrr, berre two, tri melar; for han var rædd, trollet kunde koma attr — som det også gjorde. Du skal berre høyra, kar.

Daa han Andres kom utatt aat kvernahuuset og vilde sjaa etter, korleides det stod til med malingi, høyrdie han ein slupp uti elvi paa hi sida.

Um ei liti rid kom det um og upp aat kverni att; det heldt ikkje fred.

Daa før det myket verre aat; det tok understeinen og slengde ned paa golvet, men let yversteinen dansa rundt, som han vilde. Hadde ikkje han Andres komet so braadt, som han gjorde, hadde han visst mist det vetele kornet, som attr var, også.

Han var 'kje rædd, gjekk ut og vilde sjaa, um han saag trollet attr. Det hadde ikkje gjenget langt, det sat der paa ein stein og lavde og grein. —

Han Andres gjorde seg so tyd og blid, som han var god til, helsad og sa:

»Du er snild, du, som vil vakta paa kvern mi; eg kunde mest ikkje venta slikt av deg, som er ein framand kar; eg hev visst diverre aldri gjort *deg* nokor beina, eg; men kunde det laga seg so, so var det no ikkje formyket.«

Fanten var ikkje so stygg og føl plent heldr *daa*, som han var fyrr. Han saag *no* ut som ein blaaklædd kar. Diso kallad Ormbergen honum *Blaafanten*. Han sa ingen ting daa. Um ei stund gjekk kvern si so rivande, dundrande fort, at kverna-huset dirrad og skalv, so Ormbergen tenkte, det hadde dottet ned og snutt vombi i vedret. Detta hørde han og gjekk stad og demde paa stikkande timen. Blaafanten sat der like godt.

Han Andres gjekk stad att og godsnakkad med honum, nemnde inkje um fantastriki, han hadde gjort, og dei vart gode vener.

Trollet bar seg illa, det inkje hadde kverna-støde, og so sa han Andres, at det gjerna kunde faa setja seg upp kvern der, det ogso, um so det vilde.

So var det daa so glad, som eit troll kan vera, og sette upp ei fagna kvern.

Mol gjorde dei med hugnad baae og livde væl i alt. Det einaste, som harmad Blaafanten, var, at han laut bera kornet og mjelet radt fram paa Foss-brui og heimatt. Detta var »travali«. Hest hadde han ikkje. Men, sidan desse two kararne var vortne

so gode bussar, fekk han laana øykjerne aat Ormbergen og køyra det.

Detta var no um hausten. I joli, daa det var is paa elvi, bad Blaafanten honum Andres burt til seg i jolalag.

Det var stell, og det var godgjerningar! So myket tillagat hadde han Andres inkje sett fyrr. Der var fulla *skjenk* og der!

Sylvbidne og dei, som endaa gildare var, stod der i rekka og rad baade høgt og laagt.

Blaafanten var ein fagna kar til drikka og vilde, at Ormbergen skulde vera lika god.

Han var pynta' som ei onnor menneskja daa, blaafanten. Ormbergen hadde det godt baade i mat og drykk; men han likad seg ikkje godt lell; for kjerringi der i huset var ei grinebytta. Forfærdeleg stor var ho; stygg var ho og, so som dei er mest alle *store* kvinnfolk. Og, som me veit, er der aldri hugnad i huset, um der er aldri so godt gjestabod med mat og drykk, naar *kvinnfolki* gjeng nyvne og sidlæputte og furtar.

Ormbergen var ikkje van med slikt, han — slik ei snild, blid og drivande kona, som *han* hadde.

Kjerringi aat Blaafanten gjorde nog jamt, kvat han bad henne; det var ho, som laut tappa øl i skaali og koma med; men ho gjorde det med *uvilje*, ser du.

Husbonden skulde sjølvsgårt drikka gjesten sin til, og det gjorde han skaplegt: han drakk or kver-

dopen, som i skaali fanst — med ein gang. Men det var vel skikken der, det, og ølet var godt.

Kjerringi laut stad etter ei skaal aat gjesten deira.

Trollet nidbad, at han Andres maatte drikka or altsaman; men det torde han ikkje; for, vart han drukken, kunde trollet finna paa aa gjera altfor myket galet. Det var 'kje ufinare lell, enn han Andres fekk setja skaali ifraa seg og drikka, slikt han vilde, og hadde godt av frametter kvelden, altmed kona stellte og lagad til bords.

Dei two sat og pratad um mangt og myket og tok det med tol, soleides som det sømer seg gamle, trauste gubbar i eit godt lag og i eit bra-manns hus.

Etter dei var komne til bords, tok husbonden fram or skaapet tvau gilde drikkehorn og sette paa bordet; dei vart fyllte med øl. Og so vart der vel klinking daa, — so som »danade« folk pla'r ha til skikk —, endaa eg er ikkje stød paa, um dei var komne so vidt i »fin« skikk og sed i den tid.

Blaafanten drakk snaudt or sitt horn med ein gang og bad Ormbergen gjera det same; men han tykte, det var væl drjugt, det; han kunde 'kje godt tola ein slik sterkt støyt med ein gang. »Og so hev eg jamt til skikk aa *eta attaat*, eg. Du fær nog avsaka meg, granne,« sa'n.

Jau, det skulde han sagta, slik finfarande gjest som han Andres var, og so kom han nog til botnar paa sitt horn, han og.

Etter maten var det eit kver sitt horn att. Verten tømde nogso snaudt sitt denna venda ogso;

men daa vart det altfor tungt fyr honum Andres. Og han sa:

»Det er vel 'kje so væl, eg kann faa bera resten med meg heim; for eg hev hug aa skjenka kona mi, so ho og kann faa smaka detta framifraa gode ølet.«

Jau, seg berre det daa; det var i jola tider, og det vilde sjaa altfor stygt og hardt ut daa aa nekta sin nærmeste gode granne slikt, sa trollet og var so mjukt og tydt, at det sat og godgliste med sin vide kjest. Han fekk hornet heim med seg og skjenkte baade kona og borni og heila huset; det strak fulla til. Men han torde ikkje paa nokon maate fortelja, korleides han hadde fenget denne godsmakande og kraftige skjenken. Hornet torde han ikkje syna deim.

Det var jamt so, at han ikkje torde fortelja deim myket um trollet og det stellet, han hadde med det; for han vitste, dei vilde verta rædde daa. Og so kom det ingen annan ved heldr, kven han hadde umgang med, naar der inkje vondt kom avstad ved det.

So var dei daa saman og høvdest som gode venner frametter heile vetren.

Daa vaaren kom tok Ormbergen til at malaatt. Trollet ogso. Dei saag ikkje kverna-huset hans; dei berre hørde det knaldrad og mol baade natt og dag. Det laut nytta vatnet, veit eg, endaa elvi er stødt so stor der i dalen, at der aldri er vant paa det. Dei hørde ein slump burte i elvi

kver gang, han før um; det var greidt, det: han kraup etter botnen, ruggen.

Sidan det no vart van med, at det fekk laana øykjerne aat Ormbergen, vilde det aldri bera meldren meir. Det spurde 'kje eingang um lov; det tok øykjerne, naar det trong.

Detta vart no han Andres leid av, som venta var. Men han vilde govet honum *til* det, hadde han ikkje vortet *verre*. Det er, som dei segjer fyr et gammalt ord: Viljen veks, med' væl gjeng. »Tjona ting,« sa Ormbergen; »han tok til og reid fyr moro — av og til, hit og dit og kvittad mest øykjerne.«

Men jamt, naar det soleides var ute paa riding, saag det ut som ein blaaklædd mann, og diso var det mest ingen, som skynad, at det var eit troll^{*)}. Det var no altfor galet, at det skulde gjera seg so dristugt og nasavist, at det inkje skydde nokot, gjorde seg meir og meir stormodegt, plent som *det* skulde hava rett til aa gjera alt, det var god til aa hitta upp, fyrdi det var stort og følt og var troll. Det vart djervare og djervare, vilde vera basen i alt, minnte um, kor gjestmildt det hadde voret med Ormbergen i joli og vred paa den langa, trutna nosi si og bles og akslad seg.

Han Andres vart trykkjande leid av det, det lagde seg upp i alle verdens ting. Og han grundad ikkje sjeldan paa, korleides han skulde fara aat aa

^{*)} Jostedølerne segjer trøll, iell, golv o. s. fr., liksom folket i Stryn i Nordfjord — som dei er ættad ifraa.

verta det kvitt. Han tenkte, han laut bera seg sløgt aat med det, solenge som raad var.

Han hadde ein liten fin kirseberhage upp med *Gaml'-Ola-Hédlaren*. So vilde han syna godt gjort fyr jolagjestabodet og bad diso Blaafanten og borni hans uppi hagen og gjorde deim til godar med kirseber.

Han og ungarne hans likad seg godt daa, di at han Andres var slik ein sted kar aa lita paa. Det var kje fleire enn han, som kunde hava umgjenge med deim, sa trollet.

Og so alle desse gode kirseberi! Det var mat, det. Slikt godt framveksande var 'kje *dei* vane med.

So var det ein gang um vetren, Ormbergen og drengen hans var stad og drog høy. Drengen kallad dei »Gjevor'ningen^{**)}. Daa dei var komne ne' ti *Galden*, var trollet komet der og vilde gjera ustykke med deim.

Husbonden saag honum, men drengen inkje. Med det same, drengen kom nedigjenum, ned på *Galden*, tok Blaafanten droga hans og sleit henne utfyre — snaudt og, skynar du.

Detta saag Ormbergen. Han vart harm, men log og lagad seg til aa taka imot honum paa ein skapleg maate.

Daa *han* skulde dra yver *Galden*, kom »Fanten« rennande og vilde gjera same spikket med honum

^{**) Geyerden} (tysk), eit slags hermenner, leigde „mannskap“.

som med drengen, men »han gav honum ein drei av bands-vilken, so han kampad utsyver, og Ormbergen drog sin sloe ned fint, han.« So, daa dei kom ned, spurde drengen, kvifyr han gjorde den sveigen med bands-vilken.

»Jau, eg vilde 'kje, han skulde skumpa utsyver droga,« svarad han; men han sa 'kje daa, kven han meinte.

So var det eingang, Ormbergen hadde voret til stødls.

Han kastad klyvjerna av og bad Gjevorningen ganga upp aa Nepeflatene med øykjerne. Der kunde han sleppa deim. Han so gjorde og gjekk sin veg nedatt.

Ormbergen var ikkje trygg fyr Blaafanten enno og før stad og vilde sjaa, um han reid øykjerne att.

Det var ikkje lenge, fyrr han saag honum, han før uppum Hovdalé'. Andres skynad, kvat ærend, Blaafanten før i.

»So tenkte eg med meg,« sa'n, »at eg vilde prøva honum, og det so det var mun i, og so skar eg meg ein knappe knépedl*),« sa'n. »Naar eg var komen so langt, at eg saag upp aa Nepeflatene, var Blaafanten komen upp aa merrene mine,« sa'n; og han kom ridande etter vegen beint imot Ormbergen. Han rauk i Beitslet og sa: »Kaa ha du her aa gjere, du kar?« Derved dreiv han til

*) = Ein kvass og greid, hard lurk, svolk; dansk: knippe, tysk: knüppel.

honum med knépedln, so »Blaafanten kampad ned taa merrene mine,« som han sa.

Jau, fekk Blaafanten det, han flaug etter den gangen; for, daa Ormbergen skulde sjaa til, hadde han sleget av honum ryggen. Han strauk so uppatt paa Nepeflatene med øykjerne, og, daa han kom nedatt, laag Blaafanten og vatt seg, skreik og bar seg og var inkje god til aa koma av flekken.

Han Andres tykte synd i trollet, det skulde liggja so og stræva, gav det so ein fagna dask, kløyvde hovudet og drap det soleides.

Det var ei stor velgjerning baade fyr honum sjølv og andre, — mest fyr andre; han kunde no greida seg fyr det, han; men det vyrde ikkje hine, og gjorde deim ei prettar stødt.

Og so var det likburden.

Ormbergen var 'kje med daa; men han saag ein heil brote før dragsande med »tyrie« — som han sa' — upp aat Gaml-Ola'-Helleren, og der ligg det nog den dag i dag.

Han kjende lufti av det i mange aar etter og mange med honum.

Heile tyriet torde 'kje annat enn røma; for dei tenkte som so, og som sant var, at, naar inkje gamlingen deira kunde berga seg, so kunde endaa mindr dei gjera det, som orkad mindr.

Det var plent, som det vart so audt og tomt, sidan trollet var kommet vekk; for, som sagt er: det gav Ormbergen endr og einkver slurken av brennevinsflaska — so det var so nær, han angrad paa det

og stundum, sa han, vissa i fyrsta; for det er underlegt med *vanen*.

Ei stund fyrr han gamle Andres Ormberg døydde, bad han folki sine vent um, at dei ikkje maatte hogga av try tre. Det var den stora *bjørki* paa *Lessingaplassen*, ei stor *raun* i *Store-rinden* og ei fagna *osp* i *Hjelle-hola*.

Under desse treum hadde han og Blaafanten setet og drukket saman so mangei god stund, sa han.

Budeia til han Ola'.

Aa, kjær' Ola-mann,
kom paa stolen te meg!
ta fela mæ deg!
Spel upp ain slaatt!
Han far ska' vel
betala deg
mæ stokkjen sinn
paa ryggjen dinn.
Aa detta skal vera betalingja di —
aa di — aa di — aa di, aa di.
(Fraa Kyrkjebø.)

Ymist.

Det var spegelklaart og braadnande solskin og hite. Diso gjorde eg meg so djerv, eg tok meg skyts fraa Faaberg og heim til Krundalsbru — var storkar, eg og daa paa mi vis.

Det var frami Krundalen, eg etlad meg. For baade kunde eg vel finna nokot aa hava i den tjukke bokakrullen, eg bar i trøyelumma, og so hadde eg hug aa sjaa *Krundalen* — denne vestlege greini av Jostedalen. Og so *Krundals-* eldr *Bergsetbreden* ogso, fyrr eg før fraa Jostedalen. Vegen gjeng paa nordre sida aat elvi — midt igjenum ein tett, fager bjørkaskog. Der er 'kje kjerreveg endaa. — Velsignad vera skogen, som løynde meg i skuggen sin. Men endaa rann sveitten av meg baade her og der; eg var, som eg var sleikt kring hovudet — med den seige luggen nedver panna. Verre vart det endaa, daa eg kom framum skogen og paa bœn; men eg gjekk med friskt mod. Det var til *Kruna*, eg vilde. Eg hadde hørt, at han gamle Lars, som var ávléden fyr nokre aar sidan, var ein framifraa gild kar til aa fortelja um gamle ting og so trudde eg,

at sonen hans — som no styrer garden —, hadde teket ymist av detta i arv. Og eg tok inkje imist, skal ein faa høyra. Eg vitste og, at sonen var ein upplyst mann, som ikkje vilde dylja det, han vitste, men ofra ei tid paa meg og segnerne — um enn det var i høyonni.

Det var drivande turrhøytaking — raking og køyring. Stort og smaatt var nede paa myrarne midt imillum høydungar og laas, framum og heimum smaae kjørr og runnar. Dei gjekk og rakad alle-saman, so det berre durrad i marki, og høyet fauk, so det knast og huskad. Og dei lagde duglege lass paa; for dei hadde hest, som orkåd nokot — sørknubben og greidlagn som han stod der og smaalutte, lettad paa hovudet, endr og ein foten og daskad seg med halen; for avaatet var stappande tjukt og eitrande, etande galet.

Eg sa, kven eg var og kvat ærend eg før i, og me kom trast i godt prat. Eg vitste, eg iallfall der kunde vera beint fram — utan nokot dulgsmaal eldr drag til nokor sida. Millum heimealne og stutt-synte folk lyt eg ofta ganga umveges og tuma meg fram, skal eg faa nokot gamalt upp or deim.

Det var gildt, eg vilde sjaa fram i dalen — til folk, som stullad i einbøle og nordanfyr folkaskikken, sa han.

Ved nonstid tuskad me til tunns, medan soli endaa sveid i ryggstykki vaare, ho stod so smilande blank der burte i skardet beint uppyver eit sel, som ein ser nett i ryggen paa i himmelsyni. Det bar heim

og upp i andra høgdi med oss; han hev tvohøgdes-hus, denne »Kruningen«; og so hev han krambud i eit rum der uppe; for han er ein stubbe av ein landhandlar ogso.

I gjestarrummet hekk bilæter av ymise gilde folk — framstigsmenner. Og der var eit bilæte av garden hans i haustbunad — maalat av ein av vaare kunst-menner; vent med Geitsdalen, Geitsdalsfossen og Myrhynna*) attarst.

Millum glasum hekk fela! so hugnadlegt!
Eg spilad, og me og smaa gjenturna sang baade:
»Det var riddar hr. Aage o. fl.

Husbonden kom fram med vinflaska si. Me sat i godt lot og lag. Sogurna flaut lett fram. Og her er nokre av deim:

Der tente paa *Helgegarden* ein gut, som dei kallad Hallvegen. Nokot seinhaustes, trast fyrr snjoen kom, var han burtansfyr elvi her og riste. Dei kallar det Hallhaug der. Best som han stod der, vart han so underleg av seg og fekk slik ein svevn paa seg. Han vitste 'kje, korleides det hadde seg. Han laut leggja seg ned og somnад trast. Men skal du ha vortet fyre slik? Var der ikkje nokot, som laag og trykte og klemde paa honum? Jau, det var greidt. Han slo utsyver seg med armene, sparkad og spente. Men det var slik slag. Korleides skulde han berga seg? Jau, so hugsad han paa slidrekiven sin, stakk og skar i kring seg so langt, han naadde. Daa fyrst

*) = Myrhornet.

lettnad det, og han vart nokot um seun fri heila tyngsla.

Han gjekk heimatt og lagde seg i fjosen, var nokot tumsen av seg, men tenkte ikkje nokot vidare paa, kvat som hendt hadde.

So var der ein mann burti *Kriken* — ei halv mils veg derifraa — som dei kallad *Store-Kriken*. Han saag og vitste meir enn mange andre her i dalen; han saag baude gjenum berg og dal.

Denne *Store-Kriken* saag, kvat som hadde gjenget fyre seg med Hallvegen hit paa Hallhaug. Det var eit underjordiskt brudrafylgje, som hadde faret heimunder, og Hallvegen laag i vegen fyre alle desse folki. Han hadde raamt sjølve brudgumen i magen og gjevet honum ei føl flerra med kniven.

Rettso det vart myrkt um kvelden, vilde dei nog koma og hemna seg, og det so det skulde syna etter. Detta vitste *Store-Kriken* og vilde hindra det. So spurde han bror sin, um han kunde faa laana merri hans; for *Jostradalselvi* var so stor, at han ikkje kunde koma um, utan han reid. Jau daa. Og so bar det avstad i hétande hast.

Naar han var komen so langt, han kunde sjaa uppa Helgegarden, var heila huldrlaget komet lika langt paa hi sida att *Krundalselvi*, og han laut skunda seg det beste, han vaun, aa koma til gards fyre deim.

Han reid daa burt til fjosen; yver dyrri gjorde han ein *stor* og nokre *smaae* krossar, las og manad og gjorde endaa meir slikt, som han vitste vilde hjelpa.

Daa han hadde gjort alt detta og kastat seg paa merri att, var ogso heila tursebølet komet til tuns. Dei vilde i eit renn setja inn i fjosen aa fakka Hallvegen; men, daa dei vart var krossarne, braadstadinad dei, bles og laut ganga der, dei kom ifraa med hengjande nasar. — Denne *Store-Kriken* saag mangt, han. Eingang han sat inni stova ein vetlejolaftan, tok han til aa læja so hjartelegt. Broren spurde kvifyr. »Jau,« sa han, »dæ æ so løge aa sjaa. Kona i Viki (ein gard der i *Kriken*) sto' og kjenna; so vilde ho sta' og skrubbe ein av unganne, som hadde gjort ei ubye, og so slo ho al rømmen utøve golve. Mannen sat og lappa paa ein sele, og so vilde han slengje han uti døri fyr aa hjølpa henne med aa faa upp att rømmen.«

Trast sende dei ein stad og skulde sjaa, um det var sant. Jau det var fulla det; dei laag paa kneum baade mannen og kona og strævad med rjomen. Og midt i rjomen laag hestaselen.

I fyrre dagar før jostedølerne radt til *Røyros* med smøret sitt og osten sin og selde; for det var vanskelegare fyr deim aa fara til Bergen, so langt som det er dertil — og sjovegen. Daa var det bere aa leggja det paa hestarryggen. Og føsterne sine aatte dei sjølve; *deim* leit dei. Paa heimvegen kaupte dei vel korn i Gudbrandsdalen. Det leit nog hardt paa øykjerne, detta. Diso hev dei enno det ord her: »So arm som ei *Røyros-merr*.«

Ein kveld, medan dei var der paa *Røyros*, fekk *Kriken* slik laatt paa seg; so spurde hine, kvat det

var fyr. »Jau, dæ æ so læge aa sjaa,« sa'n, »alle heime skrike og leita ette svino sino aa ikkje finn deim; dei trur, dei er langt vekke, just ha dei greve seg inn unde agnabingen.« Daa dei kom heimatt, fekk dei vita, det var sant.

Det ligg i ætti aa faa sjaa meir enn andre. Ein, dei kallar gamle Bakken, raakad ein gang eit stort likfylgle trast framanfyr Prestgarden og — trast etter døydde mannen i Kriken.

* * *

Burt paa Vaarstølen var det two gjentur, som var ute fyr nokot. Dei sat ute i utselet og kokad brim, log stundum, skratlad stundum og kviskrad stundum.

Best det var, hørerde dei, det staup ned eit koppalad inni mjølkahylla: fyrist ein tung slufs; — so rann det, og so hørerde dei droparne, kor dei tippad. »Jau, no gjekk dæ fulla godt inni selet,« sa dei baae med ein gang; men daa dei kom inn, saag dei ingen ting; alt var paa sin stad, som det skulde vera.

Det var natturlegvis eit koppaladet aat luldrerna, som hadde gjenget i vasken, so som det hev hendt fleire stader, naar budeia ikkje hev havt vit til aa lata det vera eit litet rum millum ladi. Dei gamle agtad seg vel fyr aa gjera huldrfolket til meins; for dei vitste, dei hadde det att paa ein eldr annan maaate — anten det var so godt eller vondt.

Sidan eingang synte huldri seg fyr budeia og

bad henne vént, um ho vilde vera so snild ikkje setja koppaladi sine so dikt saman, som ho fyrr hadde gjort. Og so synte ho henne kopparne og heile styren sin og sa: »Kjeme dæ noko vekk fyr deg, maa du inkje leite ette det, og so faar du inkje vera sint; dæ skal nok komme att um ei stund.« Det gjorde det og. Og dei vart nog so gode vener. Ofta høvdest dei ute paa marki attmed Storehaugen. Best som budeia saag, ein av hestarne gjekk burti bakken, vart han vekke, som han sakk ned i jordi, og um ei liti stund so gjekk han der att som fyrr.

* * *

Han far og fleire til honum saag eingang ei huldrbusoring her burtanfyr elvi. Baade han og ho gamle Aastrid, som tente hjaa honum, og hine saag det paa same tid her ifraa tunet. Dei trudde fyrst, det var dei her frame i Snjotun, som buforte heimatt fraa Sandhaugstøden — i Faabergsdalen —. Men, daa dei kom framaat brui, bar det inn med deim, uppum og framum Storehaugen — burtpaa Vaarstøden.

Der stod ei kyri hans bestefar inni ein liten fjos der, og ho vart so skräemd, at ho bykste og sprang uppetter veggjerne. »No maa de sta' og agta kyri,« sa ho mor; ho trudde stødt, at det var vaare eigne beist, som kom.

Der var ogso buhund med i huldrbølingen. Han rende stad og vilde fakka kyri; men ei huldrigjenta sprang etter honum og kallad honum attende. So fôr dei sin veg framigjenum; men dei fôr ikkje

rette vegen; dei tok seg uppi bjørkaskogen lengr uppi lidi, og det var det siste, dei saag deim.

Ja det er reint underlegt med slikt; ein veit mest ikkje, kvat ein skal tru. Naar ein ser det med sine eigne augo, so kann ein vel ikkje ganga stad og segja, at det er lygn og skrønur heldr.

* * *

Det var her ein sumar, me var framanfyr og eit stykke uppyver Storesteinen og lauvad. Daa saag me, der kom tvau smaaborn gangande nede paa myri midt igjenum tjukkaste graset; so før dei burti aakren og uppum ein bergknubb. Der hukte dei seg ned og tok til aa grava, reiste seg uppatt og grov att og liksom glytte uppfyre straai.

Ho mor, som var uppe i tunet, bar upp maalet og vilde snakka til deim, at dei inkje maatte gjera detta; dei øydelagde aakren. I det same tuflad dei seg der ifraa, og det bar framigjenum graset og bœn med deim — framum husmansplassarne og inn i skogen. Det var det siste, me saag deim. Sidan spurde me etter alle stader her hjaa folk, um der hadde voret nokre born ute og reikat paa den tid; men det hadde det inkje.

So det sei undarlegt ut sume tider. — —

* * *

So som det er no med *daudingga* og *attrgangarar*, er det ikkje godt aa vita. Det er 'kje berre *ein*, men *mange*, som hev sett deim.

Det var eingang two, som vart uvener nede paa *Alvsmo*.

Den eine var ein arbeidsmann, som høyrd til paa Austlandet, og hinn høyrd til her i dalen. Det var um kvelden, og den eine vilde framatt; men daa kom han reint vekk; dei høyrd 'kje gitet honum meir daa fyrr *sidan*; daa fann dei honum daud tett nedaat vegen.

So var det eingang, han far hadde voret til sjoen og skulde framatt.

Daa han kom fram paa *Haukaasen*, fekk han sjaa nokot skräemelegt. Han saag, korleides den eine la til hinn med klyvjestaven i hovudet. Han, som slaget fekk, skrek og bad fyr seg, at hinn inkjemaatte gjera honum nokot; men det hjelpte ikkje.

Der laag han og gret og ankad seg, bad og bars; det dovnad av med honum meir og meir, til dess han gav upp anden.

Du kann vita, korleides han far vart til modar, daa han saag og høyrd detta. Han vilde sjeldan fortelja det, det kunde net vera, naar han var litt drukken, og daa var det so nær, han gret.

* * *

Det er ikkje so lenge sidan; det var i bestefarin si tid, det, som eg no meinar; for det var ein, av tenalarne hans, som fortalte det.

Det skal berre høyra.

Dei sat i lag nokre menner her i gamle stova og snakkad um mangt og myket — slikt som fell,

som du veit. — Det er no ei sannferdug forteljing og, detta —. Og altmed dei sat so, kom tala ogso inn paa ein mann, som var avleden fyr ei stund sidan. Den eine av laget tok til aa snakka vondt um honum. Han sat framanfyr bordet. Tenestguten, som het Finn, og ein annan sat nede ved omnen og smaasnakkad og lagde vael mark paa, kvat mannen sa.

Rett som det er, segjer Finn til den andre guten:

»Bi' du! rettno fær han fyr kjeften sin.«

Um ei liti stund dat mannen fraa forsætet og ned paa golvet, so det sokk i honum, plent som ein daud ukse.

Der vart han liggjande ei stund liksom i svima. Og, naar han seint um sidar reiste seg upp att, gjekk ikkje munnen fullt so fort paa honum.

Dagen etter fortalte drengen, korleides det hadde gjenget til; han hadde sett det altsaman. Altmed den kjeftrame mannen sat og talad illa um honum, som avleden var, kom hinn inn gjenum dyrri og framryver golvet, beint mot mannen, stadnad litt, bar so høgre neven upp og smurde til honum, so han datt paa golvet.

Ja, kvat skal ein tru um slikt?

Solskin og segner.

Det var ein solfull dag.

Det leid til middags; soli steikte i bakkane, og det var, som du høyrd, det tuskad og small i høyhesjerna nedetter.

Kornaksi stod og lavad og let seg hite, so ein kunde mest tru, dei stupte av latskap, der dei stod.

For der bles inkje so myket, at det lédad paa det grannaste straaet eingang.

Sjoen laag der so halvt grønagtig og so daud, at du saag ikkje, han røyvde seg, — inkje so stora baarur som pennaskiftet mitt var aa sjaa der i denne innestengde fjordbotnen.

Det var so daudt og solsteikt alt, at det var, som sjølve svadet skulde siga utsyver. Og dei menseskjurna, ein raakad, gjekk med uppletten kirage, halvt upprettade ærmar og saag side og pløsne ut, dei gjekk der og strævad med høyet, turkad sveitte og andøyde seg sjølve.

Detta var *nerra*.

Mén *svra*?

Dei bratta liderna, urdarne, fjellveggjene og
Olav Sande: Segner.

Aa, kjære min Ola,
aa, kjære min Aadendal,
spenn fyre hesten for verten sjøl,
og ta so mæ deg den tambur-blakken
te han Sveina.
Og Svein og Andresson
og Kjesti Thorsteinsson,
Faste, spelemann,
og Jøren festemann,
for verten sjol va Ola Monsson;
og Kjersti Midtskaug
og Helgie Bentsson,
Knipla Holteby
og lytmann Svindal
og Nysdal sjøl.

(Fraa Valders).

Sankt Olavs-kjeldurna og sankt Olavs-gripet.

Heilag-Olav før vidan um land og vilde njosna etter, korleides det stod til med eit og alt; hans ærend va no mest aa faa folk til aa lata seg døypa og taka den kristne trui. Alltid kom han sine vegar fram, um det so var gjenum berg og dal, og trolli fraus, skolv, sprakk og vart til stein, nipur og nakkar, torn og tindar, naar han vilde bry seg. Det syner mange merke etter honum kring dalarne og strenderna den dag i dag. Ein gang før han heim gjenum Jostradalen og vilde til Lustr; han kom vel antan fraa Stryn i Nordfjord eldr fraa Lom i Gudbrandsdalen. Der var ikkje bru yver Krundals-elvi i dei dagar, og so laut Heilag-Olav byksa um. Han datt hovudstupes, med det same han naadde, og det syner endaa etter skallen, fingrarne og knéum hans, paa svadet. Men inkje syner der *blod*; for kan hadde ingi naud av det, han; det var *svadet*, som fekk det.

Daa han og hans folk var komne heim til Nerre-Lid, var dei svoltne og utfarne og skulde til aa koka. So svarvad han Olav ei *gryta* ned i svadet

Olav Sande: Segner.

med neven sin. Ho er ein meter djup, men ikkje fullt so vid. Tett attmed lagad han ei flaagryta; men ho er litt mindre enn den fyrste. Dei er aa sjaa endaa, eit litet stykke nedanfyr vegen, og vert vel standande der ei god stund til, daa dei inkje er so radt letta aa flytja derifraa. Dei kallast *Sant Olavs-kjeldurna*.

Det var ikkje køyreveg i Jostradalen i dei dagar, daa han Heilag-Olav fôr der — og ikkje er han no plent aa skreppa av, den, som der er no holder — mange stader —; ein fekk nog ganga, skulde ein koma sine vegar fram. Og Olav var, som sagt, ein som *kunde* bruka føterne. Det er, som dei segjer fyr eit gamalt ord: »Er det ein fagna kar, so heiter han *Olav*« — »men er det ein skjelm, heiter han *Per*,« segjer dei og med det same —.

Vegen til sjoen laag um *Storehaugen* i dei dagar, so som han gjer endaa fyr folk, som vil ganga um *Vigdalen* og ned til *Lustr*. Og det var dit, Olav etlad seg som sagt er. Fraa *Ormbergstødden* til *Vigdalen*, ja endaa lengr syner det etter skorne hans, og det syner likaso greidt, at han hev havt ein stav i handi. Han hev visst ikkje komet framatt; for der finst ikkje syne etter di.

Naar du fraa *Solvorn* vil upp paa *Fylkesbygdi* (Havslo) hev du paa høgre sida ein gard, som heiter *Øvrebo* og du gjeng gjenum tunet paa ein, som heiter *Kjelda* paa den vinstre. Den sistnemnde garden hev visst fenget namnet sitt etter ei kjelda, ei upp-

komma, som er tett attmed hamaren millum desse two gardarne.

Ein gang Heilag-Olav fôr der um, var han svært tyrst og drakk or denne kjelda. So vilde han ogso bryンna hesten sin der. Der fanst ingen ting aa binda hesten i. Men Olav var 'kje raadlaus, og det var 'kje vondt fyr honum: Han greip i faste fjellet med den eine handi, vilde paa den maaten gjera hol og træda beitslet gjenum; men det rauk ut fyr taket, og der syner det væl etter knuarne. So sette han til med baae nevarne; men daa kneftad og kreistad han berget so hardt, at fingrarne rakk godt saman, og der vart fulla hol nog til aa faa beitslet gjenum.

— Um den st. Olavs-kjelda som er i *Gildeskreda* hev eg fortalt i »Fraa Sogn«, fjorde sida —.

Leirdalen. Ho Thora Tunsberg.

Naar du vil til Jostradalen og fer framigjenum fraa Runnøy, kjem du til ein gard, som heiter *Leirmo*. Der kjem det ned ei elv, som heiter *Leirdøla*. Ho kjem fraa *Leirdalen*. Denne dalen er bratt paa baae sidur, til dess det ber fram aat gardarne; daa vert han litt flaa-are og flatare. Han er upp til 30 kilometer lang. Fyrst gjeng han mot nordvest, sidan mot nord framanfyr *Leirdalsvatnet* og hev ein heil deil buskog — mest bjerk —, men inkje fureskog. Der er 4—5 gardar og nokre husmannsplassar. Folki bur heimanfyr vatnet. Det er ein halv fjordung langt paa lag og lika breidt. Baade i det og i den vesla tjørni, som ligg trast framanfyre, er der fisk. Paa nordre sida aat vatnet er der eit høgt berg, som heiter Rabnaberget. Framanfyr vatnet kallast dalen *Tunsbergdalen* etter eit berg paa austre kanten, som heiter *Tunsberg*. Ein arm af den store Jostradalsbredden skyt seg paa lag 20 kilom. heim igjenum dalen og kallast *Tunsbergbreden*. Han er ikkje litet tjukk og høg, daa dalen er djup der framme.

I fyrrer tider skulde der ogso bu folk der i Tunsbergdalen. Millum andre skulde der bu ei, som het *Thora Tunsberg*. Men det var visst fyrr den tid den aalmenne, vesle, nyttuge boki, me kallar *almanakken* var komi i kver manns hus; var vel det og fyrr den tidi, daa folk tok til aa verta *boklærde* kring avkrokarne. Nog er det: folk der framme vitste ikkje skile »aarsens lidelse«. Det leid nog alt til jolahelgi, og *henne* vilde dei natturlegvis ikkje sleppa framum seg utan bryggjing og baking, gjestabod og gaman. Skulde so ho Thora heim i dalen aa spryja, kor langt det leid. Det var is paa vatnet. Daa ho var komi heim paa det, det vil segja væl midtveges, ropad det ned fraa berget og spurde, kvar ho vilde av. »Eg vil heim i dalen aa spryja, korlenga det er til joli,« svarade ho. Daa ropad det nedatt ovan berget:

»Snu framattr, Labba-Thora! d'er nætadn tri og dagadn two til jolo.«

Trolli vitste tidi, dei, og stundad vel til jolafutherfordna sina. Og so tykte dei vel, ho Thora gjekk labbutt og seint, dei, som stødt tek slike lange stig

So var det eingang i kveldsota, han log so godt.
Dei spurde, kvat han log aat.

»Jau,« sa han, »ein tenstegut burt paa Njøs sit og gjer soplar. Han stend no og set paa vidjurna; so beit han i enden og sleit paa vidja; men ho slitnad, og han dunkad nakken mot veggjen, so det skradl.«

Ein annan kveld saag han, at kona i Ingemargarden paa Njøs auste grauten paa golvet attmed fatet; for det var so myrkt i stova. Daa og log han godt. Dei spurde etter sidan, og daa fekk dei høyra, det var sant altsaman.

Han Ivar Dalen, den som denne Ivaren heiter etter, var ogso framsynd; slik slag han Johans Grinde.

Det er verst i lag: brudlaup og jordaferder, fyr deim, som er framsynde. Daa kjem daudingarne, og dei framsynde fær 'kje fred fyr deim, fyrr dei maa fylgja deim paa kyrkjegarden att.

Han, som miste haaret sitt.

Hramanfyr *Myklemyr* (i Jostradalen) og midt fyr *Stølen**) ligg der ein plass, som heiter *Runnigen*. Der var det ein mann, som het Lars, Runninga-Lars kallad dei honum. Det var no slik ein seig og frihugad kar, det. I den tid, han livde, var skikken den, at dei skulde 'kje klippa haaret sitt, *kararne* heldr; det rakk nedver herdarne, og det var jamvel sume, som flettad det i smaae haarpiskur, som hekk eit stykke nedetter ryggen. Det er ikkje lengr sidan, det, enn at eldre folk, som no lever, godt hugsar det.

Ein gang kom han Runnings-Lars yver fjellet hitatt fraa Gudbrandsdalen. Daa han var komen ned paa *Sjurs-støls-holtarne*, (der som pengagrene etter honum *Staale røvar* stend), vart han so avande svevnug, at han var ikkje god til aa koma av staden; han *maatte* leggja seg ned; og han *maatte* sova, kvat det galldt. So gjorde han det: hansov tungt og lenge, — forfærdele tungt, sa han. Naar han vaknad,

*) Ormbergstølen.

var han so tullen i hovudet, at han var inkje god til aa haa seg paa ei lang stund; det var, som han slagad att og fram; det gjekk rundt som ei kvern altsaman fyr honum, so det var knapt, han kunde standa paa føterne. Han var uppi hovudet med henderna, vilde puska seg i haaret; — daa kjende han, at han var radt snaudklipt, ja han var so snaud, som han skulde været rakad med ein rakenkniv.*). Det var greidt, at det var ei huldr, som hadde gjort honum detta fantasykket.

Merknad. Denne moten kom vel inn i bygda-
rne med den herbunaden, dei brukad fyr paa lag
hundrad aar sidan. Det var den *prøisiske* herbunaden,
som daa skulde vera den gildaste, liksom det fyrr
var den *franske*. Prøysarane hadde sigrat der langt
nede i *Bøhmen*, og kven vilde daa ikkje vera som
dei? *Dei* var spreklutte, hadde ein flat trikantet
filthatt, som skyggen stod — beint i vedret paa.
Hatten laut fulla berast med sørmd, som der stend
ein stad fraa den tid: »Officerer og mandskab gives
tilhold om at sætte deris hatte, som sig bør, saa-
ledis, at hatten sættis længere ned mod det høire
øie og spidsen lige over det venstre. Naar man-
dskabet engang er instrueret om, hvorledis hatten
skal sidde, tilsiges det paa det strængeste af deris
officerer ved companiet, at den, som findes at have

*) Naar det er tristavingsord, legg jostedølerne tyngdi paa den siste stavingi, til dømes *hesjaband*, *kvennebruk*, *husastyr*, *kattaskinn*, o. s. fr.; so og um der er fleire stavingar, til dømes *Myrahaugen*.

hatten siddende paa en anden maade, vil blive afstraffet exemplarisk. De herrer officerer behage at sætte deris hatte paa samme maade.».

Um halsen hadde dei forutan ein breid, nedbrettad krage eit høgt, stift bind, som dei kallad »kamelats« eldr hestahaars-halsbind, som var fôrat med ledr; det var til stor pina og plaaga og var diso svært illa likat. Til aa gjera det endaa betre, maatte syldaten ganga med »kalvekrøs«. Kjolen var mest alltid raud med gult underfôr og brjost, og so *utskoren* var han, at det var umoglegt aa knappa honum att, endaa der var mest knapp i knapp baade bak og frame. Vesten og knebroki var *grøn*. Sume geled skulde ha sokkabandet *under* og sume *yver* kneet; det var *strengt* med det. Dei maatte ganga i eit slags *størlar*, som rakk yver kneet, og, so dei skulde sitja stramt, vart dei snørde saman etter jarnhakar.

Men det merkelegaste var bodet um, korleides hermennen skulde hava *haaret*. Dei maatte ganga med parykk, og i ein »ordre« fraa 1770 stend der, at hermannen skulde lata haaret veksa langt, og, naar dei var i »tjenesten«, skulde der alltid »friseres paa bly.« Ein maatte leggja mark paa 4 ting:
1) »Buklen«*) laut vera 3 fingerbreidder breid, og blyplata, som haaret var ballat um, av same breidd.
2) Buklen skulde 'kje naa lengr ned enn til øyrennippen.
3) Blyet skulde bankast so tunnt som

^{*)} Engelsk *buckle*, d. e. *krull*, her *haarkrull*.

papir, so det inkje skulde tyngja formyket. 4) Haarpiska skulde naa so langt som til der, som kjolelivet endad, og nedst hava ei sløyfa. No var det stormengdi af hermenner, som ikkje hadde haar til so langa flettur (ei al), og diso vart det paa rikskassen si rekning kaupt ein brote med falskt haar. Haarpiska vart flettad um ein tjukk *staaltraad*, so ho skulde vera stød.

Naar hermannen møtte, maatte han hava med seg 4 alner *fletteband* og so ein heil slump »pudder« (*haarmjøl*) som dei skulde straa utever all denne haarpryda, som skulde vera drivande kvit, og du kan tru, det tok seg gildt ut attaat dei sprekkutte klædi.

I *Danmark* gjekk der til fyr aaret 50 000 — femti tusund — pund kveitemjøl til pudder, men det vart sagt, at det visst var tenlegare, um dei hadde brukt det til »tvebakker« (kavringar).

/ Det var 'kje *uvandt* arbeid aa faa alt detta haarsittellet til soleides, som det *skulde* vera. Det var *korporalarne*, som stod fyre det, og dei hadde stort bal med aa faa alt i beste skikk, i all vissa dagen fyre det store *hersja* (»parade«). Den natti var der 'kje tala um nokor kvild fyr syldatarne: fyrst fyr skuld den stive haarpiska, og dinæst avdi dei laut agta paa, at inkje mjølet datt ut or haaret. Dei laut sitja heila natti etter benkjerne i vaktstova eldr i »kaserne« og venta, til dagen kom, daa dei skulde syna seg i all si pryda. Ogso medan dei var i den daglege tenesta, og altmed deisov, laut dei agta

seg, so inkje denna haarpryda kom i ulag og vart øydelagd, og so ikkje andlitet vart tilkint med mjøl. Diso vart det vedteket, at dei skulde brukna — *natt'huvur*.

I ei svensk hermanns-log fraa 1790 stend der, at korporalarne skulde sjaa væl etter, at inkje kadtatarne klo seg i hovudet; gjorde dei det likavel, skulde det meldast til offiseren, som skulde avgjera, kor stor refsing dei skulde faa. Kver kveld vart dei tilspurde, um dei trong haarmjøl; sa nokon *nei*, og ein sidan saag, at han trong mjølet lell, vart han ressat.

Um skjegget var der mange og fine vedtak. Millum hestfolket fekk berre »husararne« lov til aa hava skjegg. Offiserarne i eit dragonarregiment*) søkte audmjukst um lov til aa hava ein liten knebelbsbart (yverskjegg, læpeskjegg), men det vart påa det hardaste avsleget!

I eit svensk vedtak av 1775 stend der, at »grenaderarne, timbermennene o. fl. skal alle svarta sine mustasjer (yverskjegg)«, og ein laut alltid hugsa paa, at dei inkje vart *samanklinete*, men væl *utbreidde*.**)

I byrjingi av detta aarhundrad vart det eit grunn-grevet (»radikalt«) avbrøyte, til dømes i Sverike. Der vart der »i naade« paalagt, at alle hermenner skulde ala seg til (»anlægge«) »poli-

*) Prins Ferdinands.

**) *No* er det beter, til *kvassare* dei er.

sons», d. e. kjakeskjegg (»bakkenbartar«), som skulde naa fraa den øvste deilens av øyrat nedetter kjakebeinet og under halsbindet so langt fram, at dei kom i høgd med den ytste augnakraai. Breiddi skulde vera ikkje fullt 1 tume yver og $\frac{1}{4}$ tume under halsbindet. Det var fint og væl fyre seg gjort alt *detta*; men det er vel holder ingi lang tid, sidan ein kunde sjaa hersveinar i Noregs hovudstad *maala* seg læpe-skjegg fyr aa faa eit »martialsk udseende« (morsk utsjaanad), naar dei skulde paa vakt eldr i fester. — Jau, det var fulla gasta greidur med herstellet i dei dagar ogso —.

Korleides du kann faa vita, kven
du skal faa.

Jonsvokenatti skal du *ganga att lengjes burtaat ei grov*, og so skal du ta' attum deg og ned i grovi og *inkje sjaa paa*; det, du tek, skal du bera med deg heimattr. Det er det same, antan det er *mold* eller *stein* eller *vatn*, eller *kvat* det er. Dette skal du leggja under hovudet, og daa skal du faa *drøyma*, kven du skal *faa*.

* * *

Ellar du skal — og det er ogso *jonsvokenatti* — leggja deg paa ein *holme i ei elv*, og daa skal du *drøyma*, kven du skal faa. — Eg vonar, det inkje gjeng med deg, som det gjekk med two gjentur i heimagrendi mi, som ogso vilde sjaa inn i framtid i paa denne maaten. Det var two gutar, som vitste um denne avtalen millum gjenturna. Dei lagad seg avstad med grev og greidur, demde elvi paa holmen, og, naar gjenturna vaknad, laag dei i vatn, so det flaut midt uppetter sidurna paa deim, — so um dei fekk tid til aa drøyma, var det vel ikkje av det huglegaste.

* * *

alle stader; men nokre spiler, som gjekk attetter og frametter, og nokre av ringarne er no avbrotna.

Dei hev havt den trui fyrr — og det er nog ikkje fritt, sume hev henne endaa —, at det er lækjedom i dei vaapni og bitjarni, som folk er drepne med ellar hev drepet seg med.

Naar dei stryk deim paa den staden, som er sjuk, til dømes paa eit økl, skal sjukdomen siga vekk. Diso hev stridshamaren paa Vengjum voret baade her og der, ja radt paa Austlandet.

Røvarar og draapsmenner.

Som fyrr er fortalt budde der ein røvar frame i Faaberg (i Jostradalen), som het Staale. Ein budde i Vigdalen; han het *Ingebrigt*; og ein paa Runnøy; han het *Skule*.

Det var tri stygge fantar, som inkje skydde, kvat dei gjorde, og var til otte og skrämsl fyr mange. Skule hadde ei barnaleg gjenta gangande. So lurde han etter henne og vilde taka livet av henne paa ein ellar annan maate, og eingang høvde det so til, at han fekk skua henne paa elvi. Der detta hende, kallar dei *Skule-skori*. Sidan fann dei liket att; det laag og flaut nede i den stille, djupe hylen der.

No hadde dei det kjennes-märket i den tidi, at, naar dei vilde faa vita, kven som var mordaren, skulde han leggja handi paa liket, so skulde det *drøla* (= drøygja); det vil segja: det skulde renna or munn eller naser paa det. Alle karmenner der i nærleiken skulde daa fram og leggja handi paa gjenta. Det var 'kje nokon, som twilte paa, kven som var ilgjerdsinmannen.

»Det vert galet med honum Skule no,« sa hine til kona hans.

»Aa, han Skule veit vel ei raad endaa, han,« svarad ho; ho var væl kjend med snitti hans.

Ja — so natti fyre, dei skulde samlast um liket, lurde Skule seg stad og *tok* paa det, so det drølte, og, daa dagen kom, drølte det inkje meir fyr honum enn fyr nokon annan; so vart det vel 'kje nøgjare undersøkt; for det var mangleides med rett og rettferd i dei dagar.

Han *Staale* skal ganga att ved Storhaugen; for der stal han fraa ein handelskar ei stor sylvkanna full med sylvpengar og grov ned der ein stad; det skal vera der, ein ser dei tri dalarne: Dalsdalen, Vigdalen og nokot av Jostradalen. Der hev dei sidan sett baade Staale og handelskaren (som han vel drap og grov ned) paa same tid.

* * *

Han Ingebrigts i Vigdalen drap ein gang ein halling, som før og handlad. Han stod ute i Lidteigen og slo, sette so stad etter hallingen, og med det same, han vann ned til honum, hogg han ljaaen i halsen hans, so hovudet slang. Handelskaren gjekk i kvite sokkar, og blodet rann nedetter deim. So tok mordaren og slengde brynekollen fraa seg, so brynet rauk av, tok hallingen paa ryggen, strauk med honum utsyver Lidteigen og grov honum ned.

Der var ei gjenta, som tente der i Vigdalen; ho var barnaleg med honum Ingebrigts. Han hadde dreget paa, at han vilde drepa henne. So var det eingang, ho hadde voret burte paa Svodi, dei kallar,

paa hi sidaaat elvi og mjølkat gjeitera. Daa saag ho, han kom ned Bruhola. Ho skundad sèg aa bera mjølkabytta um og sette henne burtanfyr bruenden, sprang so burtatt paa brui, sveipte fyreklaedet uppyver andlitet, bykste paa elvi og drap seg; for ho skynad, kvat ærend han för i.

Framfyr ivedr, regn, høyrer dei henne skrik, seger dei. Dei kallar henne »Elva-ferkja«.

Sidan var det, som det gnog, aat og tærde honum Ingebrigts, og han var so leid av livet, at han gjekk stad og kastad seg utfyr brui og drap seg. Dei fortel, at han vart hengjande etter ein fot. Det var tett yver den fossen, dei no kallar Ingebrigtsfossen.

* * *

Det var fulla so, at det gjekk hogg um hogg paa Faaberg fyrr i tidi. Vart dei ute fyr illgjerds-menner *sjølve*, so var dei visst ikkje so blautverkade, at dei hadde ynksemd med kver ein, som før der um, dei heldr. Trudde dei, ferdamennen hadde ein slump pengar paa seg, kvidde dei seg inkje med aa taka *paa* deim.

Soleides var der ein mann paa Øvre-Faaberg, som var ein ram tjuv og røvar. Sume seger, det skulde vera han Staale, og det er all grunn til aa tru, det var han. Nog er det: denne mannen paa Øvre-Faaberg var ein mannadraapar og reint ei styggamenneskja i alle maatar. Og kjerringi hans skulde heldr ikkje vera stort bere.

Der kom eingang ein handelskar og vilde faa

hus hjaa deim. Dei tok venlegt imot honum, gav honum mat og drykk, hus og seng og var i det heile so blide mot honum baade tvau, at det var myket. Men, daa han væl var komen uppi sengi, tykte han, der var so undarleg hardt under hovudet; diso grov han nedunder hovudkodden og undersøkte, korleides detta hadde seg. Daa fann han ei tjukk treblokk, ein treknubb. Det risnad i honum; for han skynad strakst, kvat detta skulde tyda. Han stod uppatt og klædde paa seg, tok *uksapeisi* si i handi og stillte seg attum dyrri, nær sengjahovdarne. Dei hadde uksapeis til verja i den tidi.

Det leid til nidnatt; det var stillt alle stader. Jau, der høyrer den framande, nokot kjem ruslande, fint og vart. Det er mannen sjølv; han stiller seg sagte innum dyrri, innaat hovdarne og høgg til, so det rister i huset. Dimed so smeiser handelskaren til honum med uksapeisi, so han fell i svima paa golvet. Med det same kjem kjerringi og spyrr: »No, korleides gjekk det?« — »Jau, no gjekk det godt,« segjer handelskaren og smeiser til *henne* ogso i hovudet, so ho fell paa naserna i svime. Der ligg dei. Han tek dei faae eignaluterne, han hev med seg, med' tidi er god, og legg til sprangs heimigjenum dalen det beste, han vinn.

* * *

Paa Ormberg (i Jostradalen) budde der fyr ei tid sidan ein mann, som var røvar og mest inkje øygde, kvat han gjorde. Mikkjel het han. (Hus paa Ormberg stod daa der, dei kallar Nattnes). So

var det eingang nokre folk, som vilde ned til Luster. Det var ein mann, ei kona og eit barn; dei var fraa Gudbrandsdalen. Dei vitste inkje vegen og spurde diso mannen, kvat leid dei skulde fara. Han sa, dei skulde ganga etter *elvi* heimigjenum. Dei sogjørde; men, daa dei kom heim midt paa *Haukaasen*, heim i Haukaasgilet, dei kallar, kunde dei 'kje komalengr, laut diso snu framigjenum att den vegen, dei var komne. Natti kom paa deim, og dei laut slaa seg tilro. At dei ikkje skulde frjosa, kveikte dei paa varme attmed ei urd. Der laag illgjerdsmannen paa lur, fauk paa deim og drap deim.

Der finst mannabein der i urdi den dag idag. Dei kallar henne mannurdi etter den tig. —

Sidan hev dei ofta høyrt stygge skrik og ljod der. »Eg og hev høyrt skrik der; eg trudde, det var ulvar, som gauad; men eg var uppe dagen etter og skulde sjaa etter far; eg saag ingenting. Ei stund etter fôr der utsyver ein gut der, og det var vel framanfyre det,« fortel han Andres Stølen.

Denne mannen paa Ormberg drap fleire ogso. Han vart sidan daudsdømd; han skulde halshoggast. Men han skulde nog ikkje taka det so tungt; for sistennatti, han levde, drakk og slogst han i *Marifjøra*. Han vart halshoggen ein stad, dei kallar *Refsnes* utanfor Marifjøra. Sume segjer, at den staden fekk sitt namn etter denna refsingi.

— *Merknad:* Det er forresten merkjelegt, kor mange fornsogur um mord, draap og usedskap der gjeng i Indre Sogn — eit villt, raatt liv; for sogurna talar.

Dao ropte ho ette dai aa sa:

»Du, so vilde, eg skulde fao ha serken, du ska ha lukka me deg i adle ting. Men han og hass ska verta kryplinga te niande lé.«

Aa solais gjekk da og.

Dao han kom ne igjeno galdadne, rudla han handslaust, braut two spire ao kruna aa braut sjøl ao seg da aina lærbaime.

Aa da grodde 'kje atte mair, anna han maatte gao mæ two krykkje aa be sitt brø te sin døyande dag.

Slik slag ætti hans te niande lé, so so huldrebrui hadde sagt.

Ja da fekk han fyr aotferi si, aa da va nett høvle aat 'an, endaa ain skulde 'kje ynskja anns manns ulukka helde.

Lækjeraader.

Jostradalen, paa ein liten gard, heiter Neset, som fyrr hev leget under Aasen, er der eit *sverd* — ei *köra* —, som det hev voret drepet folk med. Detta sverdet brukar dei dør i dalen, naar det er folk elder fe, som vert sjuke og trutnar upp, før blodknutar*) og slikt nokot. Dei brukar denne lette og trygge lækjeraadi kring heile dalen den dag idag.

So hev dei ei *hura* etter ein mann, som sprang paa elvi og drap seg. Ho lækjer *draugaslag* og vel ogso annan trollsjukdom og er diso framifraa nytteleg.

Og dei er fulla vyrke fyre henne og: Dei ballar henne inn i fint papir, og ho gjeng fraa mann til mann, — so ho no er vorti til sameiga fyr heile dalen.

Dei hev ogso nokra kulur, dei kallar *skotkulur*. Det er slike, som hev gjenget igjenum ein bjørn.

*) Gl. n. blodsige.

Dei brukar deim, naar beisti hev fenget den sjukdomen, som kallast *skotet*.*)

Framgangsmaaten med kula er soleides:

Fyrst kastar ein kula ned i vatn. Detta skal beistet — kyri — drikka; so skjev dei litt av kula og giv kyri — til dømes i ein grautabite —, men inkje myket, so inkje den velsignade kula skal verta for tidleg uppøydd.

Men han Andres Ormbergstødlen, denne gilde skyttaren, han fortel, at han hev latet godtruande folk faa kulur hjaa seg, som aldri hev voret i nokon bjørn. Han hev faret vart og vent med kulurna, ballat deim væl inn og bodet folk fara varlegt med dem liksom med rettelege skotkulur, som folk hev trutt, dei hev voret. Og han hev kje sétt annat, dei hev hjelpt likaso godt, dei kulurna og, segjer han og dreg paa smilebandet. Ja, han er god, han Andres.

*) Inkje det same som kalvskot.

Paa Sognfjøra. Fuglesetfjorden.

Det var preikesundag paa Kyrkjebø. Vedret var framifraa fagert. Tjukt av folk var der alle stader. So eg fekk knapt tid til annat enn svara paa: »God dag! Er du og paa dessa grensur? — Fint vedr m^ø hev.« Det er no underlegt med det so i heimegrenderna, ser du. Det kann vera nogso hugnadsamt aa helsast med gamle kjønningar og vener. Men jamen kann det vera brysamt og — soleides paa ein fredsens heilagdag; det kann verta for myket av det goda og.

Klokken var ein av deim, og me hev vel havt mangt millum oss, baade aalvor og gaman. Etter preiki kjem han til meg og fortel, at han og verbror hans, landhandlaren der, hadde etlat seg paa fisking um morgonen — fyrst um fjorden og sidan til fjells, — upp i *Oslands*-vatnet. Um ikkje eg og kunde vera med? Nei, eg var 'kje før til det, eg, daa. Ajau, han skulde laga det so, eg fekk *rida* til støls. Og det skulde fulla ikkje skorta korkje paa mat eldr. drykk av nokot slag. Eg skulde sleppa gjera nokon ting, berre halda deim med moro, sogur